


## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

# Økonomisk rapportering



## SANDE KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

# Forord

---

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde 6.mars 2014 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjektet i høve kommunen si økonomiske rapportering. Vurdere kvaliteten på denne og evt budsjettstyringa/budsjettkontrollen. Prosjektet er utført i samsvara med standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette eit kritisk søkelys på dagens situasjon og peike på mulegheiter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Rapporten er utarbeida av Bodill Skeide, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen i Sande kommune for nødvendig bistand i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik, 16.06.2014/11.09.2014

Bodill Skeide

reg.rev./cand.mag.

## Innhold

SAMANDRAG .....	5
Anbefalinger: .....	6
1.0 INNLEIING .....	8
1.1 Bakgrunn .....	8
1.2 Målsetting og problemstilling.....	8
1.3 Revisjonskriterier.....	9
1.3.1 Kommunelova.....	9
1.3.2 Forskrift om årsbudsjett .....	10
1.3.3 Budsjettreglement (Sande kommune – internreglement).....	11
1.3.4 Plan for budsjettarbeid (internt) .....	11
2.0 METODE og GJENNOMFØRING .....	12
2.1 Dokument .....	12
2.2 Verifisering av data.....	12
2.3 Avgrensing .....	12
3.0 PROBLEMSTILLING 1.....	13
3.1 Rapportering til kommunestyret.....	13
3.1.1 Økonomirapportering.....	13
3.1.2 Revisor si vurdering .....	13
3.2 Vurdere kvaliteten på rapporteringa .....	14
3.2.1 Budsjettvedtak 2013.....	14
3.2.2 Årsrekneskap 2013 .....	16
3.2.3 Revisor si vurdering – kvalitet på rapportering.....	17
4.0 BUDSJETTSTYRING OG BUDSJETTKONTROLL .....	19
4.1 Økonomirapport 1.kvartal.....	19
4.1.1 Vedtak i kommunestyret .....	22
4.1.2 Revisjonen sine vurderingar .....	22
4.2 Økonomirapport 2. kvartal (halvårsrekneskap) .....	23
4.2.1 Rådmannen sin halvårsrapport .....	23
4.2.2 Vedtak i kommunestyret .....	26
4.2.3 Revisor sine vurderingar .....	26
4.3 Økonomirapport 3. kvartal .....	28
4.3.1 Rådmannen si økonomirapportering .....	28
4.3.2 Vedtak i kommunestyret .....	30
4.3.3 Revisor si vurdering .....	30

5.0	SAMLÅ VURDERING OG KONKLUSJON .....	32
5.1	Rapportering i samsvar med regelverk .....	32
5.2	Kvaliteten på den økonomiske rapporteringa.....	32
5.3	Budsjettstyring og budsjettkontroll.....	33
6.0	ANBEFALINGAR.....	34
7.0	RÅDMANNEN SIN UTTALE .....	35

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Sande kommune vedtok 6 mars 2014 i sak 8/14 å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande økonomisk rapportering og kvaliteten i høve denne. Problemstillingar som er belyst er om rapporteringa til kommunestyret er i samsvar med lov og forskrift, samt vurdere kvaliteten på rapporteringa, og i tillegg vurdere budsjettstyringa.

### Problemstilling 1:

#### **Er økonomirapporteringa i Sande kommune i samsvar med lov og forskrifter?**

- Rapporterer adm. til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt interne retningslinjer/reglement.
- Vurdere kvaliteten på økonomirapporteringa

#### **Økonomirapportering til kommunestyret:**

Det går fram av kommunelov med tilhøyrande budsjettforskrifter § 10 at administrasjonen skal legge fram rapport for kommunestyret minst 2 gongar pr år, i tillegg til årsrekneskapen. Gjennomgangen av dokumentasjonen for rapportering til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert pr 31.03, 30.06 og 30.09 i kontrollåret 2013. I tillegg kjem årsrekneskapen/årsmeldinga pr 31.12.

Kommunen har i løpet av året gjennomført budsjettendringar, utvida rammer, på 5,4 mill, noko som kanskje ikkje var unaturleg sidan budsjettvedtaket for 2013 var tilnærma lik forbruket /rekneskapen i 2012 ( 148,3 mill)

#### **Kvaliteten på rapporteringa :**

Kvartalsrapportane i all vesentleg grad bygd opp på same måten, men har ikkje same detaljeringsgrad (rapporteringsnivå) som budsjettvedtak og årsrapportering. Dette gjer samanlikning mot budsjettvedtaket uoversiktleg.

Årsrekneskapen viser at kommunen har brukt på rammeområda (einingane) 154,2 mill. Regulert budsjett viser 153,7 mill, dvs 0,5 mill meir enn budsjettert. Vurdert for kommunen samla sett utgjer dette eit avvik på 0,3 %, og er svært bra. 3. kvartals-økonomirapport viser eit forventa overskot på 1,2 mill, men det er då ikkje talfesta stor usikkerheit i høve budsjettert «inntekt» premieavvik, og dette budsjettavviket vart på 1,3 mill.

3.kvartals rapportering inneheld og forventa meiravkastning på fondsplasserte midlar med 3,2 mill, noko som antas å skulle vere 1 mill, dvs 2,2 mill for mykje rapportert, viss budsjettkorrigering sept. hadde vore teke omsyn til i rapportering. Tek ein omsyn til dette skulle rapporteringa på dette tidspunkt vist eit forventa underskot på 1 mill, og som er nært opp til årsresultatet.

Årsrekneskapen viser avkastning på fond med netto inntekt på 0,9 mill mot budsjettert utgift på 3 mill, dvs eit avvik mellom rekneskap og budsjett på 3,9 mill. Det opprinnelege budsjettet viste inntekt på 1,2 mill, men vart redusert til 0,5 mill i endeleg godkjent budsjett (K-sak 14/13). Økonomirapport 1 .kvartalsrapport viste meiravkastning på 1,4 mill, halvårsrapporten viste meiravkastning på 2,2 mill og med påfølgjande budsjettkorrigering til totalt 2,7 mill (K-sak 39/13) Den rapporterte årsrekneskapen viser korrigert budsjettert meirforbruk på 3 mill, dvs redusert frå

meirinntekt på 2,7 mill , ei endring på 5,7 mill. Dette har sammenheng med manglande budsjettendring i høve disponering av overskot 2012 ikkje var blitt registrert, og det har blitt blanda saman avsetning til fond og avkastning på kapital ved rapporteringa.

Følgjeleg rapporterer ikkje kommunen på same nivå som budsjettvedtak mht avkastning av plasserte midlar, då det i budsjettvedtaket er skilt mellom eksterne og interne finansieringstransaksjonar(bruk/avsetn). Praksis er/vil bli endra iflg samtale med rådmann.

### **Problemstilling 2:**

#### **Vurder budsjettstyringa og budsjettkontrollen**

- Vurdere økonomirapportane mot budsjett på rapporteringstidspunktet

#### **Rapportering frå einingsleiarane:**

Årsrekneskapen viser fleire einingar med både positive og negative budsjettavvik, nokre ubetydeleg medan andre er betydelege. Når vi skal vurdere om økonomirapportering er tilfredstillande skjer dette på bakgrunn mellom rapportert avvik, og avvik iflg årsrekneskapen.

Årsrekneskapen viser meirforbruk på einingane på kr 496`. Det er vanskeleg å samanlikne årsrekneskapen med økonomirapporten direkte då det ved rapportering er berre teke med dei som har rapportert, og gjerne dei med meirforbruk og store einingar. Økonomirapporten for 3. kvartal signaliserte meirforbruk på einingane på 2,8 mil. Det er betydeleg avvik på enkelte einingar, men dette kan ha sammenheng med at i rapporteringa er det slått saman mange einingar under ein fellesbetegnelse, og årsrekneskapen har meir detaljert inndeling, jfr budsjettvedtaket.

Kommunen har i løpet av året gjennomført budsjettendringar, utvida rammer, på 5,4 mill , noko som kanskje ikkje var unaturleg sidan budsjettvedtaket for 2013 var tilnærma lik forbruket /rekneskapen i 2012 ( 148,3 mill

#### **Avviksanalyse:**

Avviksanalyse viser at kvalitet på rapportering på detaljnivå kunne vore langt betre. Det er viktig at alle einingsleiarar rapporterer, og talfestar evt meir-/mindreforbruk slik at rådmann har føresetnader til å gjere tilfredstillande rapporteringar. Dessutan bør rapporteringa byggast opp med detaljeringsgrad som budsjettvedtak og årsrekneskapen.

Det må og vurderast om rutine kring registrering av budsjettendringar er gode nok.

#### **Anordning:**

Økonomiske oversikter er ikkje kommentert i vår vurdering, då desse kvartalsrapportane viser berre sum registrerte inngåande og utgåande faktura, samt «forbruket» i % på rapporteringstidspunktet. Det er ikkje gjennomført noko vurdering av administrasjonen på omfanget av liggande/ventande faktura som skulle vore registrerte på dette tidspunktet, eller registrerte faktura som gjeld også seinare periode. For at rapporteringa skal ha reell verdi må enten rekneskapen «periodiserast» eller budsjettet «periodiserast» i samsvar med registrerte faktura.

#### **Anbefalingar:**

- 1 Økonomirapportane bør byggast opp etter same mal som budsjettvedtaket og årsrekneskapen jfr budsjettforskriftene, og forskrift om årsrekneskap
- 2 Meir-/mindreforbruk som går fram av einingsleiarane sine verbale beskrivingar bør rapporterast og talfestast på same detaljeringsgrad/nivå som budsjettvedtaket.

- 3 Vurdere om rutine ved rekneskapsrapportering mht anordning/»periodisering» av rekneskap og budsjett er gode nok for å gi tilfredstillende rekneskapsinformasjon.

## 1.0 INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde 6. mars 2014 sak 08/14 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande den økonomiske rapporteringa og kvaliteten i høve denne. Føremålet med økonomisk rapportering er å sikre at den økonomiske utviklinga vert rapportert og avvik kommentert slik at administrasjon og politikarar kan sette i verk tiltak om naudsynt.

Det vart utarbeida prosjektplan dt 7.mai 2014 på bakgrunn av det som kom fram i møtet i kontrollutvalet, og denne vart godkjent i møte 24. juni med tillegg.

### 1.2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om kommunen har dekkande økonomisk rapportering og om kvaliteten er tilfredstillande . Det skal vidare undersøkast budsjettstyringa /budsjettkontrollen. Ein organisasjon har ulikt rapporteringsinnhald avhengig av rapporteringsnivået, og intern rapportering vil vere meir detaljert enn til politisk nivå. Men det er viktig at grunnlagsdata for rapporteringa er korrekte og ajourførte for å unngå å trekke feil slutningar.

#### Rapportering:

God økonomistyring krev at rapporteringa er påliteleg og den må vere presentert på ein oversiktleg måte, og samanliknbart med det vedtekne budsjettet jfr budsjettvedtaket. Det vert teke utgangspunkt i rutinar og rapportering gjennomgang av kvartalsrapportane, samt vurdert denne rapporteringa mot endeleg rekneskap, dvs om rekneskapsprognosar er rimeleg i samsvar med årsresultatet.

#### Budsjettstyring/budsjettkontroll:

Vidare vert det sett nærmare på budsjettstyringa til administrasjonen, dvs om budsjettet vert nytta som styringsverktøy opp mot planlagd aktivitet. God økonomistyring krev hensiktsmessige strukturar, gode system og rutinar og samhandlingskultur, og i dette ligg god budsjettering, avviksvurdering, rapportering og evt iverksetting av tiltak.

Kontrollen i dette prosjektet er avgrensa til å vurdere avvik mellom korrigert budsjett og rekneskap, samt evt oppfølging av vedtak i samband med økonomirapporteringa.

Følgjande problemstillingar er formålstenelege:

- 1 Rapporterar adm. til kommunestyret i samsvar med kommunelova og evt interne retningslinjer/reglement, og vurdere kvaliteten på økonomirapporteringa
- 2 Vurdere budsjettstyringa og budsjettkontrollen



## 1.3 Revisjonskriterier

Informasjon som er innhenta vert vurdert opp mot revisjonskriterier i form av lover, forskrifter, reglement og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med økonomistyring og budsjettoppfølging vil vere:

### **Kommunelova:**

- § 23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet..
- § 46. Årsbudsjettets innhold.
- § 47. Årsbudsjettets bindende virkning.

### **Forskrift om årsbudsjett:**

- § 6. Årsbudsjettets innhold og inndeling
- § 10. Budsjettstyring
- § 11. Endringer i årsbudsjettet
- § 12. Økonomiske oversikter

### **Forskrift om årsregnskap og årsberetning**

#### **Økonomireglement Sande kommune**

#### **GKRS (god kommunal rekneskapskikk)**

### 1.3.1 Kommunelova

**KL §23:** Omhandlar administrasjonssjefen sine oppgåver og myndigheit.

Administrasjonssjefen er den overordna leiaren for den kommunale administrasjonen, og er ansvarleg for at lover, forskrifter og retningslinjer vert følgde, samt at det er etablert betryggande kontroll.

Administrasjonssjefen skal sjå etter at dei saker som blir lagt fram for dei folkevalte organ er forsvarleg utreda og at vedtak blir gjennomført.

**KL §46 nr 4:** Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram

**KL §46 nr 8:** Departementet har med dette punktet opna for å gi nærmare reglar om årsbudsjett og innstilling til årsbudsjettet. I desse reglane kan det bli stilt krav om oversikt over inntekter og utgifter for kommunen sin samla verksemd.

**KL § 47 nr 1 og 2 :**

- a. kommunestyrets (...) bevilgninger i årsbudsjettet er bindende for underordnede organer
- b. Skjer det endringer i løpet av budsjettåret som kan få betydning for de inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen (...) gi melding til kommunestyret...
- c. Får kommunestyret eller fylkestinget melding etter nr. 2 foran, skal det foreta nødvendige endringer i budsjettet. Det samme gjelder når det på annen måte gjøres kjent med forhold som kan bety vesentlig svikt i inntektene eller en vesentlig økning i utgiftene i forhold til budsjettet.

Kommunelova sett krav til administrasjonssjefen (rådmann) om å legge fram sak for kommunestyret ved vesentlig avvik mellom budsjett og rekneskap. Han skal gi tilbakemelding til kommunestyret ved endringer i budsjettet i løpet av året som kan få verknad på dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygg på.

Lova stiller ikkje direkte krav til økonomisk rapportering til faste tider, men det går fram av kommentardelen til kommunelova, henvisning til Ot.prp nr 43 at det skal rapporterast kvartalsvis, tertial eller adhock. Det er opp til kommunestyret å bestemme kor ofte rapporteringa skal skje, og rapporteringa skal.

### 1.3.2 Forskrift om årsbudsjett

Forskrifta vart gjort gjeldande for kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2001, med visse unntak for kommunale føretak.

**BF § 6:** Omhandlar innhald og inndeling av årsbudsjettet. Det er og stilt krav til opplysning om grunnleggande prinsipp for årsbudsjettet.

**BF §10:** Omhandlar budsjettstyring. Her går det klart fram at det er administrasjonssjefen/rådmannen som gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar til kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og innbetalningar og utgifter og utbetalningar i henhold til det vedtekte årsbudsjettet. Kommentardelen krev at det vert rapportert jamnt og minst 2 gongar i året. Dersom administrasjonssjefen finn grunn til å tru at det kan oppstå nemneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret foreslåast nødvendige tiltak.

**BF § 11:** Krev at kommunestyret gjer endringar i årsbudsjettet når forholda tilseier det.

**BF § 12:** Det vert stilt krav til kommunane om utarbeiding av økonomiske oversikter, det vert vist til vedlegg for fastsett oppstilling av oversiktene. Dei økonomiske oversiktene skal bygge på dei same føresetnadane som årsbudsjettet.

Forskrifta går lenger enn lova og det er tydeleg at det ligg føringar frå myndigheitene til faste rapporteringsrutinar (rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar

per år). Økonomiske oversikter skal basere seg på same føresetnadar som det vedtekne budsjettet.

### 1.3.3 Budsjettreglement (Sande kommune – internreglement)

Kommunen har utarbeidd budsjettreglement, sist endra i K-sak 04/0045, men dette er under revidering jfr sak 44/13 i kontrollutvalet, og vil bli lagt fram i løpet av hausten. Det går fram av budsjettreglementet at kommunestyret si vedtekne løyving(budsjetttramme) til det einskilde programområde er det formannskap og sektorstyra som har mynde til å foreta detaljert fordeling.

Fullmakta gjeld bl.a. ikkje ved vesentlege endringar i høve oppførde utgifter og inntekter jfr Kommunelova §47, eller vesentlege endringar som forrykker budsjettbalansen i planperioden.

Rådmannen har mynde til å gjere endringar i driftsbudsjettet (post 01-39) innan same programområde, nytte tidlegare avsett midlar til formålet, sjå utgiftspostane for løn (post 0) og inntektspostar i høve refundert sjukeløn under eitt, samt nytte meirinntekter < 50.000,- innanfor programområdet

Det går ikkje fram definisjonen på programområdet, og ein må kunne anta at dette gjeld dei rammeområda som kommunestyret har vedteke budsjettet på. Det går heller ikkje fram noko i høve budsjettreportering.

### 1.3.4 Plan for budsjettarbeid (internt)

Retningslinjer i høve budsjettarbeidet vart utarbeidd i 2013, og teken i bruk for budsjettet 2014. Dette er ein stegvis framdriftsplan med gitt fristar og kven som skal delta administrativt. Planen legg opp til oppstart i aug, med forberedande arbeid fram til okt/nov, og til behandling politisk i nov og des.

#### **God Forvaltningskikk**

I tillegg til alle lover og forskrifter som omhandlar saksbehandling finst det uskrivne krav til god forvaltningskikk, at saksbehandlinga skal være forsvarlig.

## **2.0 METODE og GJENNOMFØRING**

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi tek utgangspunkt i relevante dokument, korrespondanse med administrasjonen og samtaler/ intervju ved behov.

Prosjekter vert utført i samsvar med revisjonsstandard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

### **2.1 Dokument**

Dei viktigaste dokumenta som vert undersøkt er:

- Kvartalsrapportar (sak til kommunestyret)
- Driftsrekneskap med årsmelding
- Budsjettreglement
- Plan for budsjettarbeid

### **2.2 Verifisering av data**

Utkast til rapport med vurdering og anbefalingar vart sendt rådmannen for verifisering og uttale den 11. sept 2014 , med frist for tilbakemelding 25.sept.2014

### **2.3 Avgrensing**

Prosjektet avgrensa til å gjelde driftsrekneskapen for 2013. Det er vidare avgrensa til å gjelde rapportering til kommunestyret. Vi forhold oss til offisielle kvartalsrapportar og revidert rekneskap.

### 3.0 PROBLEMSTILLING 1

- Rapporterer adm. til kommunestyret i samsvar med kommunelova, budsjettforskrifta og evt interne retningslinjer/reglement ?
- Vurdere kvaliteten på økonomirapporteringa

#### 3.1 Rapportering til kommunestyret

##### 3.1.1 Økonomirapportering

Budsjettet for 2013 vart vedteke i kommunestyret 18.12.12, sak 83/12

1.kvartalsrapport (pr 31/3-13) vart behandla i kommunestyret 14.5.13 sak 23/13

2.kvartalsrapport(1.halvår 2013) vart behandla 17.9.13 sak 38/13

3.kvartalsrapport ( pr 30/9-13) vart behandla 29.10.13 sak 46/13

Årsrekneskapen 2013 vart behandla 18.6.14 sak 30/14

Føremålet med rapporteringa er å gi (politikarane, administrasjonen og andre brukarar) eit reelt bilde av kommunen sin status både når det gjeld grad av måloppnåing i forhold til planlagt aktivitet og eventuelle økonomiske avvik.

Kvartalsrapportane er stort sett likt oppbygde og viser prognose ved årslutt, samt områder med forventna meir/mindreforbruk. I tillegg verbal beskrivelse og rekneskapstal innan følgjande tema; Konklusjon økonomi, Momskompensasjonsordning, Skatteinngang og rammetilskot, Driftsutgifter- og inntekter, Renter (avkastning og avdrag), Momskompensasjon område 8 investeringsmomskompensasjon, Sjukefråvær og Investeringar

Til slutt utdrag frå økonomirapportar frå einingane

Sande kommune har under utarbeiding nytt økonomi- og budsjettreglement, og det gamle budsjettreglementet inneheld ikkje informasjon om det som er relevant i forhold til dette prosjektet.

##### 3.1.2 Revisor si vurdering

Det går fram av kommunelova § 23 at rådmannen er ansvarleg for at lov, forskrift og interne retningslinjer vert følgd, og at saker som vert lagt fram er forsvarleg utreda.

Vidare går det fram av kommunelova § 47 at rådmannen skal gi melding til kommunestyret ved endringar i løpet av året som kan få innverknad på dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygg på. Lova stiller ikkje direkte krav til økonomisk rapportering til faste tider, men minimum 2 gangar i løpet av året. Det ligg til kommunestyret å bestemme kor ofte. Det er gjennomført omfang av økonomirapportering som dekker kommunelova sine krav.

Kommunelova § 46 set krav til at årsbudsjettet skal stillast opp på ein oversiktleg måte med kommunen sine prioriteringar, målsettingar og premissar som budsjettet bygg på. Krav til årsbudsjettet si inndeling er gitt ved budsjettforskrifta sine vedl. 1 og 2 .

I tillegg stiller budsjettforskrifta § 12 krav til utarbeiding av økonomiske oversikter i samsvar med vedlegg for fastsett oppstilling av oversiktene. Desse viser typar av inntekter, innbetalningar og avsetningar jfr budsjettforskrifta vedl. 3 og 4.

Den økonomiske rapporteringa skal bygge på dei same føresetnadane som det vedtekne årsbudsjettet.

Budsjettet som budsjettvedtaket bygg på er i rimeleg i samsvar med kommunelova og budsjettforskriftene sine krav, men i noko samantrekt form. Det er nytta netto andre frie inntekter, netto renter og avdragsutgifter, og netto avsetning/bruk/overføringar, medan vedl.1 set krav om bruttobudsjett på desse postane.

## 3.2 Vurdere kvaliteten på rapporteringa

Det er viktig å merke seg at i denne rapporten vert det skilt mellom kvaliteten på rapportering, og budsjettstyring eller budsjettkontroll. Når vi vurderer kvaliteten på rapporteringa så ser vi på samanhengen eller avviket mellom forventa rapportert resultat (prognose ved årsslutt) og det faktiske årsresultatet. Det er naturleg å forvente at prognosen skal bli betre til nærmare nyttår ein kjem. Budsjettstyringa eller budsjettkontrollen vert vurdert mht om einingane/områda held seg innanfor sine vedtekne budsjetttrammer. Følgjeleg kan kvaliteten på rapporteringa vere god sjølv om budsjettstyringa er dårleg og/eller omvendt.

### 3.2.1 Budsjettvedtak 2013

Årsbudsjett vart vedteke i Kommunestyret K-sak 83/12 :

- 1.1 *Første år i Økonomiplan gjeld som årsbudsjett for 2013*
- 1.2 *Budsjettet Sande kommune for året 2013 vert vedteke slik det ligg føre med ei brutto utgift og inntekt på 235.334.483,00 med dei føresetnader og merknader som er lagt til grunn og med dei endringar som kommunestyret har gjort.*
- 1.3 *Årsbudsjett/økonomiplan vert vedteke med følgjande driftsdel.*

Økonomiplan (budsjett 2013)vart endra i K-sak 14/13 (innlagt i tabellen nedanfor)

Det er gjennomført budsjettkorrigeringar (17.sept.-13)K-sak 39/13

Haugelia barnehage var i det opphavlege budsjettet definert under oppvekst og kultur, men vart utskilt på eige ansvar. Frivilligsentralen overført frå oppvekst og kultur til PLO-heimetenester.

Tabellane nedanfor/neste side viser vedteke budsjett med tilhøyrande vedtekne budsjettkorrigeringar.

**Budsjett og budsjettkorrigeringer frie midlar (komprimert versjon)**

(tall i 1000)	Årsbudsj 2013	K-sak 14/13	Godkj. Budsj.	Korr.budsj K-sa39/13	Justert budsjett	Iflg Agresso
Skatt på inntekt og formue	58854	2056	60910	502	61412	153753
Rammetilskudd	90480	-1277	89203	69	89203	
Andre frie inntekter	2350		2350	250	2550	
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>151684</b>		<b>152463</b>	<b>821</b>	<b>153165</b>	
Netto rente og avdragsutgifter	-6197		-6197		-6197	
Til fordeling på driftsrammer	145487		146266		146968	
Fordelt til netto driftsramme	-148607		-148607	-2821	151428	
Inndekking av tidl. Underskudd	0					
Nto avsetn/bruk/overf invest.	3120	-779	2341	2000	4460	
Balanse	0	0	0	0	0	

**Budsjett og budsjettkorrigeringer på einingsnivå ( 1B):****DRIFTSOVERSIKT (frie fordelte inntekter)**

(tall i 1000)	Årsbudsj 2013	Interne budsj.endr	K-sak 39/13	Revidert budsjett	Iflg Agresso
11 Folkevalde	2470		-25	2445	
12 Sentraladministrasjon mm	11345		-113	11232	
19 PPT-kontor	1169		-12	1157	
20 Oppvekst og kultur	12466	-436	180	12210	
21 Gjerdsvika oppvekstsenter	5700		-57	5643	
22 Gursken oppvekstsenter	14550			14550	
23 Larsnes oppvekstsenter	5970	421		6391	
24 Sandsøy oppvekstsenter	6250		-63	6187	
25 Kvamsøy oppvekstsenter	6453	-420	-60	5973	
30 PLO- heimetenester	26464	436	1531	28431	
31 PLO - busteneste	11929		-119	11810	
32 PLO - institusjon	16500		1435	17935	
40 Helseteneste	10950		90	11040	
41 Sosialteneste og barnevern	4213		-42	4171	
50 Landbruk og næring	1104		89	1194	
55 Kyrkje og trusamfunn	2531		70	2601	
60 Teknisk eining	8300		-83	8217	
80 Finans - driftsutg	245				
Ramme vann og avløp	0		0		
Auka ramme			-2821		
<b>SUM fordelt til driftsrammer</b>	<b>148607</b>	<b>0</b>	<b>2821</b>	<b>151428</b>	<b>153752</b>

## 3.2.2 Årsrekneskap 2013

Tabell 1: Inntekter til fordeling (egne inntekter)

	Rekn 2013	Rev. budsj.	Vedt. budsj.	Rekneskap 2012	avvik R/B	Budsj.endr
Skatt på inntekt og formue	-58 269 678	-61 412 000	-58 854 000	-63 887 111	3 142 322	-2 558 000
Rammetilskot	-93 393 741	-91 802 000	-90 480 000	-85 466 853	-1 591 741	-1 322 000
Generelle statstilskot	-1 719 108	-1 950 000	-1 950 000	-1 794 256	230 892	0
Invest.prosjekt-momskomp	-597 486	-400 000	-400 000	-377 573	-197 486	0
Lån og Innskot	9 689 020	9 404 046	9 604 046	9 189 283	284 974	-200 000
Aksjer og andelar	-519 800	-515 000	-430 000	-238 000	-4 800	-85 000
Formidlingslån	340 359	275 000	275 000	211 312	65 359	0
Fond	-932 822	3 037 000	-1 257 000	-3 348 059	-3 969 822	4 294 000
Overføring drift/kapitalbudsj.	0	0	0	360 000	0	0
Tidlegare underskot/overskot	-5 515 307	-5 515 000	0	-708 238	-307	-5 515 000
Avskrivningar	-2 790 826	-3 007 000	-3 007 000	-2 471 962	216 174	0
Premieavvik - Pensjon	-539 866	-1 868 000	-1 868 000	-5 285 039	1 328 134	0
Årets rekneskapsm. resultat	0	0	0	5 515 307	0	0
<b>SUM FINANS TIL FORDELING</b>	<b>-154 249 255</b>	<b>-153 752 954</b>	<b>-148 366 954</b>	<b>-148 301 189</b>	<b>-496 301</b>	<b>-5 386 000</b>

Tabell 2: Fordelt eller brukt på område(einingane)

	Rekneskap	Rev budsj	Oppr.budsj	2 012	Avvik R/B	i %
Folkevalde	2 321 298	2 445 000	2 470 000	2 235 329	-123 702	-5,1
Sentraladministrasjonen mm	11 358 149	11 232 100	11 345 100	11 240 055	126 049	1,1
PPT-kontor	1 093 064	1 157 200	1 169 200	1 023 141	-64 136	-5,5
Oppvekst og kultur	10 870 018	10 744 800	10 294 200	10 752 748	125 218	1,2
Gjerdsvika oppvekstsenter	5 532 084	5 643 000	5 700 000	5 525 538	-110 916	-2,0
Gursken oppvekstsenter	15 099 643	14 550 100	14 550 100	14 488 189	549 543	3,8
Larsnes oppvekstsenter	6 680 369	6 631 000	5 970 000	5 768 674	49 369	0,7
Sandsøy oppvekstsenter	6 046 251	6 187 225	6 250 225	5 862 858	-140 974	-2,3
Kvamsøy oppvekstsenter	6 082 151	6 172 700	6 453 700	6 397 213	-90 549	-1,5
Haugelia	2 232 397	2 155 600	2 172 200	2 026 827	76 797	3,6
PLO-Heimeteneste	30 953 252	29 495 000	26 464 000	27 236 125	1 458 252	4,9
PLO-Buteneneste	10 783 606	11 309 700	11 928 700	11 007 606	-526 094	-4,7
PLO-Institusjon	18 313 112	19 056 200	16 500 200	17 645 063	-743 088	-3,9
Helseteneste	10 818 568	11 040 000	10 950 000	10 849 667	-221 432	-2,0
Sosialteneste og barnevern	3 784 050	4 171 100	4 213 100	4 211 779	-387 050	-9,3
Landbruk og næring	1 471 756	1 194 000	1 105 000	1 337 279	277 756	23,3
Kyrkje og Trudomssamfunn	2 617 825	2 601 000	2 531 000	2 478 734	16 825	0,6
Teknisk	8 191 662	7 967 229	8 300 229	8 214 366	224 433	2,8
<b>SUM FORDELTE PÅ OMRÅDE</b>	<b>154 249 255</b>	<b>153 752 954</b>	<b>148 366 954</b>	<b>148 301 189</b>	<b>496 301</b>	<b>0,3</b>



**Økonomisk oversikt drift:**

I tillegg viser årsrekneskapen, og kvartalsrapportane samla økonomisk oversikt, dvs samla driftsutgifter og samla driftsinntekter på hovudpostnivå for heile kommunen. Dette er kanskje den rapport som er mest samanliknbar med eit rekneskap etter rekneskapslova (standard AS-rekneskap)

**Driftsutgifter:** Løn og sosiale utgifter, kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon, kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon, overføringsutgifter til andre

**Driftsinntekter:** Salsinntekter, refusjonar, overføring frå andre, rammetilskot og andre statlege overføringar

**3.2.3 Revisor si vurdering – kvalitet på rapportering**

Årsrekneskapen viser at kommunen har brukt drift på rammeområda 154,2 mill. Regulert budsjett viser 153,7 mill. Kommunen har brukt 0,5 mill meir enn budsjettet (jfr nest siste kolonne i tabellen over. Vurdert for kommunen samla sett utgjør dette eit avvik på 0,3%.

3. kvartals økonomirapport viser eit forventta overskot på 1,2 mill, men stor usikkerheit i høve budsjettet premieavvik er ikkje teke omsyn til i rapporteringa jfr rådmannen sin rapport. Budsjettavviket i høve premieavviket vart på 1,3 mill. Rapporteringa inneheld og forventta meiravkastning på fondsplasserte midlar med 3,2 mill, noko som antas å skulle vere 1 mill, dvs 2,2 mill for mykje rapportert pga manglande budsjettregistrering. Tek ein omsyn til dette skulle rapporteringa vise eit underskot på 1 mill.

**Skatt/rammetilskot:**

Vurdert samla viser årsrekneskapen totalt 151,7 mill. Dette er 1,55 mill i mindre inntekter enn budsjettet 153,2 mill.

Det går fram av 3.kvartalsrapport budsjett på 150,683 mill, mot budsjett i årsrekneskapen som viser 153,2 mill. Ekstraordinære skjønmidlar (motteke i okt)er då ikkje med i justert budsjett. Budsjettet i halvårsrekneskapen og 1. kvartal synte 150,113 mill. Det går fram av økonomirapporten at prognose frå KS er lagt til grunn i rapportering, og det er signalisert frå adm. at skatteinngangen ligg ca 0,8 mill bak budsjettet pr 3. kvartal. I flg rådmannen skjer rapporteringa for 2014 både med henvising til KS-prognose og egne utarbeidde prognoser.

**Fond:**

Årsrekneskapen viser eit netto inntekt på 0,9 mill mot budsjettet utgift på 3 mill, dvs eit avvik mellom rekneskap og budsjett på 3,9 mill. Det opphavlege budsjettet viste inntekt på 1,2 mill, men vart redusert til 0,5 mill i godkjent budsjett (K-sak 14/13). Økonomirapport 1.kvartalsrapport viser meiravkastning på 1,4 mill, halvårsrapporten viste meiravkastning på 2,2 mill. Det vart i sept. vedteke budsjettkorrigerings tilsvarande meiravkastninga, og revidert budsjett i høve avkastning fond skulle då utgjere 2,7 mill. Økonomirapporten for 3. kvartal viste meiravkastning på 3,2 mill, men det er då teke utgangspunkt i det opphavlege budsjettet på 0,5 mill og ikkje justert budsjettvedtak på 2,7 mill. Følgjeleg må ein anta ei feilrapportering på 2,2 mill

Den rapporterte årsrekneskapen viser korrigert budsjett med mindreinntekt på 3 mill, dvs redusert frå meirinntekt på 2,7 mill til mindreinntekt på 3 mill, ei endring på 5,7 mill. Dette har samband med at budsjettendringar bl.a. i høve disponering av overskot 2012 på 5,5 mill ikkje var blitt registrert på rapporteringstidspunktet, dessutan har det i rapporteringa blitt blanda saman avsetning til fond og avkastning på kapital. Dette gjer rapporteringa uoversiktleg då det burde vore skilt i rapporteringa mellom eksterne og interne finansieringstransaksjonar, noko som iflg samtale med rådmannen vil bli gjort for 2014.

Følgjeleg rapporterer ikkje kommunen på same nivå som budsjettvedtak mht avkastning av plasserte midlar, då det i budsjettvedtaket er skilt mellom eksterne og interne finansieringstransaksjonar(bruk/avsetn).

#### **Premieavvik:**

Det var budsjettert med eit premieavvik tilsvarande ei inntekt på 1,8 mill. Premieavvik er ei rekneskapsteknisk «periodisering» av pensjonspremiebetalinga på bakgrunn av ei aktuarberekning. Det vert nytta oppgitte prognoser frå KLP, men dei kan vere rimeleg uforutsigbare. Det går fram av 3.kvartalsrapport at siste signaler frå KLP er at tidlegare stipulert avsetning av altfor optimistisk. Det vart ikkje gjennomført talfesting eller budsjettendringar som følgje av dette.

#### **Tildelt skjønramme frå Fylkesmannen:**

Det gjekk fram av kommunestyrevedtaket i høve 3.kvartal at rådmannen fekk fullmakt til å korrigere budsjettet for 2013 ved å tilføre midlane til einingane i samsvar med konklusjonen i saka. Sjå eiga kolonne i tabellane jfr pkt 3.2.1 Budsjettvedtak.

#### **Rapportering frå einingsleiarane:**

Årsrekneskapen viser fleire einingar med både positive og negative budsjettavvik, nokre ubetydeleg medan andre er betydelege. Når vi skal vurdere om kvaliteten på økonomirapportering er tilfredstillande skjer dette på bakgrunn mellom rapportert avvik og avvik iflg årsrekneskapen. Årsrekneskapen viser meirforbruk på einingane på 496` sjå tabell, førre side. Rapportert avvik 3. kvartal var 2,8 mill, dvs avvik på 2,3 mill. Årsaka til at avviket vart kraftig redusert har både samband med ekstraordinære skjønmidlar (kom i okt) og fleire einingar med mindreforbruk kompenserte for einingar med meirforbruk. Det er vanskeleg å samanlikne årsrekneskapen med økonomirapporten direkte då det ved rapportering berre er teke med dei som har rapportert, og gjerne dei med meirforbruk og dei store einingane.

Økonomirapporten for 3. kvartal signaliserte meirforbruk på einingane på 2,8 mill kr :

Tall i 1000	Prognose	Resultat ved årsslutt
Meirforbruk Grunnskule felles )	- 200	-125
Meirforbruk Larsnes oppvekstsenter	- 240	- 49
Meirforbruk heimetenester	-1500	- 1458
Meirforbruk institusjonsteneste	-1200	+ 743
Meirforbruk Kvamsøy oppvekstsenter	- 200	-90
Ref/statstilskot funksjonshemma	500	- 526 (buteneste)
		+ 1009 (ikkje rapportert)
<b>Prognose drift einingane 2013</b>	<b>-2840</b>	<b>-496</b>

Vi ser at rapporteringa viser avvik på enkelte einingar, men og einingar som er slått saman under ein fellesbetegnelse bl.a. grunnskule felles, medan resten av einingane er fråverande talfesting på, berre ein verbal beskrivelse.

Avviksanalyse viser at kvalitet på rapportering på detaljnivå kunne vore langt betre. Det er viktig at alle einingsleiara rapporterer, og talfestar evt meir-/mindreforbruk slik at rådmann har føresetnader til å gjere tilfredstillande rapporteringar gjennom året. Dessutan bør rapportane byggast opp med detaljeringsgrad som budsjettvedtak og årsrekneskapen.

#### **Økonomiske oversikter på hovudpostnivå samla for heile kommunen:**

Økonomiske oversikter er ikkje kommentert i vår vurdering, då desse kvartalsrapportane viser berre sum registrerte inngåande og utgåande faktura, samt «forbruket» i % på rapporteringstidspunktet. Det er ikkje gjennomført noko vurdering av administrasjonen på omfanget av liggande/ventande faktura som skulle vore registrerte på dette tidspunktet, eller registrerte faktura som kan gjelde seinare periodar. Derfor viser desse rapportane tildels store avvik på enkelte hovudpostar, spesielt på inntektssida, utan at dette gjenspeglar reelle avvik, fordi kommunen ikkje er ajour med utfakturering og/eller registrering av inng. faktura.

For at rapporteringa skal ha reell verdi på enten rekneskapen anordnast/»periodiserast» eller budsjettet anordnast/»periodiserast» i samsvar med registrerte faktura. Kommunen har som målsetting sistnemnde. Det er rimeleg å tru at ei god økonomisk rapportering må inneha begge elementa; anordna/»periodisert» budsjett, og anordna/»periodisert» rekneskap. Men gjer merksam på at ved å nytte berre anordna/»periodisert» budsjett vil kvartalsrapporteringa ved budsjettskjema 1A ikkje vise forventa resultat ved årsslutt, men eit finansielt resultat på dette tidspunkt .

## **4.0 BUDSJETTSTYRING OG BUDSJETTKONTROLL**

### **4.1 Økonomirapport 1.kvartal**

Dette er informasjonen frå rådmannen si økonomirapportering til kommunestyret sak 23/13, kommunestyret sitt vedtak . Materialet frå økonomirapportane er nytta i tabellar som er laga for å samanstille informasjonen både når det gjeld budsjettavvik og prognoserapportering. Dette sett i lys av årsresultatet og budsjettvedtaket på rapporteringstidspunktet.

Rådmannen si rapportering gir ein beskrivelse av forventa resultat pr 31.12. og det går fram følgjande;

#### **Konklusjon økonomi:**

	<b>Prognose 2013</b>
<i>Avsetning til fond</i>	1422
<i>Meirforbruk grunnskule felles</i>	-150
<i>Meirforbruk private barnehagar</i>	-300
<i>Meirforbruk heimetenster</i>	-1820
<i>Meirforbruk institusjon</i>	-2000
<i>Underbudsjettert Pendlarruta</i>	-400

Helseområdet -206

Balanse -3454

Det går fram at einingane må arbeide målretta for å klare å halde seg innanfor dei fastsette rammene. Ein må såleis truleg allereie ved neste rapport kome attende med ei korrigering av budsjettet

#### Skatteinngang og rammetilskot:

Inntektene pr 1. kvartal utgjør 23 % av årsbudsjettet, noko som er litt lågare enn på same tid i 2012, men kom då ut med 6,3 mill meir enn budsjettet. Budsjettet bygg på KS-sine anslag pr 24.02.13.

Administrasjonen har nytta/nyttar KS – sine anslag, og det er fleire faktorar som spelar inn i KS sine vurderingar, og som relaterer seg til Sande kommune. Iflg samtale med rådmannen har han valt i 2014 å gjere sin eigne vurderingar i tillegg til KS-prognosene då han meiner dette vil gjere rapporteringa betre.

#### Driftsutgifter og driftsinntekter (samla for heile kommunen)

	Beløp	Korr budsj	rest	2013	2012	2011
Lønn og sosiale	39149759	145247809	106098050	27,0	26,6	26,2
Kjøp av varer/tjen. som inngår	7082583	24746485	17663902	28,6	24,6	26
Kjøp av tenester som erstatter	2343202	15035000	12691798	15,6	23,2	33,7
Overføringer til andre	3198487	9165728	5967241	34,9	42,7	24,6
Finansieringsutgifter	562	2724462	2723900	0,0	1,6	0,8
UTGIFTER	51774593	196919484	145144891	26,3	26,4	25,9

Salgsinntekter	-3421124	-23122230	-19701106	14,8	13,2	15,1
Refusjonar	-3001981	-22063928	-19061947	13,6	14,8	17,7
Overføring frå andre	-370870	-2206400	-1835530	16,8	34,6	2,9
Finansieringsinntekter	-36684	-1159972	-1123288	3,2	144,3	1,1
INNTEKTER	-6830659	-48552530	-41721871	14,1	18,9	15,2
SUM	44943933	148366954	103423021	30,3	28,8	29,3

Av den verbale beskrivinga går det fram at tabellen viser at netto driftsutgifter som er noko høgre enn 2012, men at dette har si årsak i at salsinntekter og sjukerefusjonar ligg noko etter, men på utgiftssida om lag. Samla sett viser rekneskapen omlag som budsjett, og om lag som drifta i fjor då einingane kom ut med minus 5,2 mill.

#### Område som er kommentert særskild i kvartalrapporten: (omarb. og nedkorta av revisor)

Skule og barnehage	Omlag som budsjett m.u.a Vaksenopplæring Gursken ( - 255`)
Pendlar ruta	Underbudsjettet ( - 400`)
Helseavdeling	Auka kostnader med nattlegevakt 206`
Heimetenesta	Meirforbruk 1,8 mill pga fleire pasienter med større behov, 1.del, men

	rapportert at det er roligere no
Sandetun sjukeheim	Meirforbruk 2 mill viss vedvarende situasjon pga overbelegg og ressurskrevjande pasienter, men roligere på rapp.tidspunktet
Fond	Meiravkastning fond 1,5 mill
Renter og avdrag	Renteutg. lågare enn budsjettet, og avdrag som budsjettet
Momskomp. invest	Viser mindreinntekter pga utsett byggestart

Det går fram at 1.kvartalsrapporten bygg på økonomirapportar frå einingane gitt ved verbal beskrivelse frå dei enkelte ansvar. Utdrag frå dette ligg ved kvartalsrapporten og vi har kort skissert vurderingane til einingsleiarane i tabell 3 nedanfor. Einingsleiarrapporteringa må vurderast mot årsrekneskapen 2013 ( pr 31.12), budsjettvedtaket (det som var bevilga på økonomirapporteringstidspunktet) og dertil årsavviket.

<b>Tabell 3</b>	<b>Rekneskap 2 013</b>	<b>Oppr.budsj</b>	<b>Årsavvik Meir/mindre forbruk</b>	<b>Rapportert 1.kvartal</b>
Folkevalde	2 321 298	2 470 000	-148 702	Ingen kommentar
Sentraladm.m.m.	11 358 149	11 345 100	13 049	Servicekontor og økonomikontor er i rute
PPT-kontor	1 093 064	1 169 200	-76 136	Er innanfor budsjett
Oppvekst og kultur	10 870 018	10 294 200	575 818	Ekstrautg på 150', men konkluderer ikkje Private barnehager, meirforbruk på 300'
Gjerdsvika oppvekstsenter	5 532 084	5 700 000	-167 916	Rapporterer om god kontroll
Gursken oppvekstsenter	15 099 643	14 550 100	549 543	Rapporterer om forbruk innanfor budsjettet
Larsnes oppvekstsenter	6 680 369	5 970 000	710 369	Meirforbruk løn, pga ikkje reg. overførtingar
Sandsøy oppvekstsenter	6 046 251	6 250 225	-203 974	Overforbruk vikar, men vert dekka ved ref sjukeløn men det er ikkje gjort budsjettendring
Kvamsøy oppvekstsenter	6 082 151	6 453 700	-371 549	Ingen avvik, og vil få red. lønsutgifter frå hausten
Haugelia	2 232 397	2 172 200	60 197	Rapporter om god kontroll
PLO-Heimeteneste	30 953 252	26 464 000	4 489 252	Høgt sjukefråvær og vanskeleg å få inn kompetente vikarar, og dette fører til mykje overtidbet. Heimesjukepleie antyder meirforbruk på 1,120mill Natttenest 7 personar ikkje 5, meirforbr. på 0,7 mill
PLO-Buteneste	10 783 606	11 928 700	-1 145 094	
PLO-Institusjon	18 313 112	16 500 200	1 812 912	Mykje overbelegg, vanskeleg å forstå øk.konsek. forventa meirforbruk ( 2 mill ? eller 1,8 mill? innt.?)
Helseteneste	10 818 568	10 950 000	-131 432	Forventa sprekk på 206', mangla budsj.nattlegevakt
Sosialten og barnevern	3 784 050	4 213 100	-429 050	Auka utg. avlastn. 100', red. o,5 stilling, 1 still.budsj
Landbruk og næring	1 471 756	1 105 000	366 756	Ingen kommentar
Kyrkje og Trudomssamf	2 617 825	2 531 000	86 825	Ingen kommentar
Teknisk	8 191 662	8 300 229	-108 567	Ingen kommentar
<b>SUM OMRÅDER</b>	<b>154 249 255</b>	<b>148 366 954</b>	<b>5 882 301</b>	

- Pendlarruta forventar eit underskot på 400', rapportering høyrer til teknisk

#### 4.1.1 Vedtak i kommunestyret

*«Økonomirapporten pr 1.kvartal syner med eit par unntak at det gjennomgåande er god økonomistyring ut frå planlagte aktivitet, jfr budsjettet for 2013*

*Økonomirapporten syner at det førebels er meirforbruk spesielt innan pleie og omsorg og pendlarruta og at det vil vere vanskar med å dekke inn dette meirforbruket på andre områder i drifta.*

*Einingane må arbeide målretta for å klare å halde seg innanfor dei fastsette rammene. Kommunestyret bed rådmannen om fortløpande å vurdere tiltak for å få drifta i balanse for 2013.» (Siste setning er eit tillegg frå kommunestyret)*

#### 4.1.2 Revisjonen sine vurderingar

##### **Avvik mellom prognose og årsresultat**

Årsrekneskapen samanhalde med budsjettvedtaket på dette tidspunktet viser eit meirforbruk på 5,9 mill sjå tabell 3. Prognosen som er rapportert viser 3,5 mill . Avvik utgjør 2,2 mill ved prognose pr 1 kvartal og årsresultatet gjeld bl.a:

- oppvekst og kultur: meirforbruket er skissert til 450 ` (grunnskule felles+ private barnehagar) medan samanstillinga ovanfor viser eit meirforbruk i forhold til budsjett pr 31.03. på 1,1 mill
- Heimeneste/buteneste: rapportert meirforbruk 1,8 mill, rekneskap viser 3,3 mill
- Institusjonsteneste: er rapportert meirforbruk på 2 mill, rekneskap viser 1,8 mill
- Helseområdet: rapportert meirforbruk på 206`, rekneskap viser mindreforbruk på 131`
- Landbruk og næring: avvik ikkje rapportert, rekneskap viser meirforbruk på 366`
- Sosialteneste og barnevern: Det er ikkje lagt inn avvik i prognosen, men einingsleiar skisserer budsjettreg på 100` pga meirutgifter avlastning. Men det går fram at det er budsjettet med 200% stilling som er blitt redusert til 150%. Det er ikkje teke omsyn til dette i rapporteringa. Rekneskapen viser mindreforbruk på 430`

##### **Avvik mellom rekneskap og budsjett:**

Økonomirapporteringa for 1. kvartal inneheld ikkje rekneskapsrapportering spesifisert på same nivå og rammeområda som vedteke budsjett. Det er derfor vanskeleg å vurdere forbruket sett i forhold til budsjettet på rapporteringstidspunktet.

Det går fram av tabell 3 at fleire einingar rapporterer om betydeleg meirforbruk, men og andre som rapporterer om kontroll, men forventar innsparingar. Rapporteringa er ein verbal beskrivelse og ved fleire høve manglar det talfesting, noko som gjer økonomirapporteringa vanskeleg og uråd å talfeste.

Intensjonen med økonomirapportering er å avdekke avvik så tidleg som muleg slik at det kan settast i verk tiltak, enten ved omdisponering, innsparingstiltak eller ved auka tilførsel av

midlar. Sistnemnde kan skje ved auka total driftsramme til einingane, eller omdisponeringar mellom einingane.

Det går fram av kommunestyrevedtaket at einingane må arbeide måretta for å klare å halde seg innanfor dei fastsette rammene, og kommunestyret bed rådmannen om fortløpande å vurdere tiltak for å få drifta i balanse for 2013.

Administrasjonen har ikkje gjennomført budsjettkorrigeringar (interne omfordelingar) som følgje av rapporterte meirforbruk, og det går heller ikkje fram informasjon om innsparingstiltak. Det går fram av kommunelova § 47 Årsbudsjettets bindende virkning at ved rapportert avvik pliktar kommunestyret å enten løyve midlar eller sette i verk tiltak. Det bør derfor gå fram av økonomirapporten eller tilhøyrande sak forslag til tiltak som dekkar dette kravet i kommunelova. Men vi registrerer at budsjettvedtaket for 2013 var tilnærma lik forbruket /rekneskapen i 2012 ( 148,3 mill) så det kan kanskje stillast spørsmål ved om dette var realistisk.

## 4.2 Økonomirapport 2. kvartal (halvårsrekneskap)

Dette er informasjonen frå rådmannen si økonomirapportering til kommunestyret sak 38/13, kommunestyret sitt vedtak . Materialet frå økonomirapportane er nytta i tabellar som er laga for å samanstill informasjonen både når det gjeld budsjettavvik og prognoserapportering. Dette sett i lys av årsresultatet og budsjettvedtaket på rapporteringstidspunktet 30.06.

### 4.2.1 Rådmannen sin halvårsrapport

#### Prognose 2013 etter 1. halvår

##### Meirkostnader

Meirforbruk Grunnskule felles	- 150
Meirforbruk Private barnehagar	- 300
Meirforbruk heimetenester	-2600
Meirforbruk institusjonsteneste	-2000
Underbudsjettert pendlarruta	- 400
Helseområdet	- 206
	<u>-5656</u>

##### Meirinntekter

Avkastning fond pr 01.06	2194
Berekna skatt/ramme landsgj.	540
Sandshamn kaianlegg	250
Renteutgifter	200
	<u>3184</u>
<b>Prognose drift</b>	<b><u>-2472</u></b>

Det vart kommentert vidare i kvartalsrapporten : *Førebels prognose for 2013 viser underbalanse på 2,5 mill. Det er ikkje store endringar på rapportert avvik på utgiftssida pr 1.halvår i høve 1.kvartal. Rådmannen antyda allereie ved 1. kvartal at det kunne kome framlegg om budsjettkorrigering ved neste rapportering. I ovannemnde underbalanse er det ikkje teke høgde for evt innsparingar på nokon av einingane, men at dei som det ikkje er rapportert avvik for går i balanse. Vi ser no at vi har eit for høgt driftsnivå i høve til dei løpande driftsinntektene til kommunen. Berre auka skatteinntekter på landsbasis og god avkastning på kommunen sine midlar gjer at kommunen sin økonomiske situasjon ikkje er heilsvart.*

#### **Skatt og rammetilskot:**

*Det er budsjettert med 150,1 mill. Etter 1. halvår utgjer desse inntektene 83,1mill, 55,4% av budsjettet. Tala syner at skatteinngangen ligg 850` bak budsjettet, og kommunen ligg dårlegare ann enn på same tidspunkt i 2012 (inntektsført 59,6%) , men då fekk kommunen 6,3 meir enn budsjettet. Det er lagt til grunn KS sin sist reviderte modell dt 13.05.13.*

Utbetalingar for skatt og rammetilskot kjem løpande gjennom året, men ikkje med like store beløp for kvar måned, då utbetalingane er avhengig av skatteinnbetalingar og evt inntektsutjamningar.

#### **Driftsutgifter og driftsinntekter:**

##### **2.kvartal - halvårsrekneskap**

	Beløp	Korr budsj	rest	2013	2012	2011
Lønn og sosiale	70050391	145247809	75197418	48,2	46,1	45,4
Kjøp av varer/tjen. som inngår	13366320	24746485	11380165	54,0	54,6	52,9
Kjøp av teneste som erstatter	6527866	15035000	8507134	43,4	43,6	105,9
Overføringer til andre	7667968	9165728	1497760	83,7	77,1	42,1
Finansieringsutgifter	25464	2724462	2698998	0,9	1,8	1,5
<b>UTGIFTER</b>	<b>97638009</b>	<b>196919484</b>	<b>99281475</b>	<b>49,6</b>	<b>47,9</b>	<b>44,6</b>

Salgsinntekter	-11408854	-23122230	-11713376	49,3	48,6	47,8
Refusjonar	-8401051	-21923028	-13521977	38,3	40	50,2
Overføring frå andre	-1918870	-2206400	-287530	87,0	132,4	90,2
Finansieringsinntekter	-179637	-1300872	-1121235	13,8	144,5	5,5
<b>INNTEKTER</b>	<b>-21908412</b>	<b>-48552530</b>	<b>-26644118</b>	<b>45,1</b>	<b>51,4</b>	<b>35,4</b>
<b>SUM</b>	<b>75729597</b>	<b>148366954</b>	<b>72637357</b>	<b>51,0</b>	<b>46,7</b>	<b>47,1</b>

*Rapporteringa viser at utviklinga frå 2011 ikkje ser særleg bra ut, og gir ein peikepinn på korleis ein totalt ligg ann i høve budsjettet, men med unntak av lønspostar kan det vere skilnader på kor a-jour ein er med inn og utbetalingane.*

*Lønskostnadene (fastløn) er i samsvar med budsjett, men overtid og vikar avspeglar sjukefråvær, men dette går ikkje direkte fram av tabellen.*



Det er ikkje rapport avvik som tilseier at rådmannen si vurdering av overforbruket totalt på rammene skal vere større enn det som går fram av denne rapporteringa.

**Område som er kommentert særskild i halvårsrapporten:**

Skule og barnehage	Omlag som budsjett m.u.a Vaksenopplæring Gursken ( - 255`) Auka elevkostnader Larsnes skule ( -100`)
Pendlar ruta	Underbudsjettet ( - 400`)
Helseavdeling	Auka kostnader med nattlegevakt ( -206`)
Heimetenesta	Meirforbruk 2,8 mill pga fleire pasienter med større behov, 1.del, men rapportert at det er roligere no
Sandetun sjukeheim	Meirforbruk 2 mill viss vedvarende situasjon pga overbelegg og ressurskrevjande pasienter, men roligere på rapp.tidspunktet
Fond Renter og avdrag	Meiravkastning fond 3,0 mill, Renteutg. lågare enn budsjettet (200`), avdrag som budsjettet
Momskomp. invest	Viser mindreinntekter pga utsett byggestart

Det går fram at halvårsrapporten bygg på økonomirapportar frå einingane som er gitt ved verbale beskrivelsar frå dei enkelte einingsleiarane.

Tabellen nedanfor viser årsrekneskapan pr 31.12.13, budsjettvedtaket (det som var bevilga på rapporteringstidspunktet, budsjett 30.06), avvikskolonne som viser meir/mindreforbruk ved årsslutt og i tillegg er det lagt inn einingsleiarane sine verbale kommentarar jfr økonomirapporteringa. Det vart gjennomført budsjettkorrigeringsvedtak i etterkant av denne økonomirapportering, budsjettkorrigert 2,821 mill, sjå innlagt siste kolonne

<b>Tabell 4</b>	<b>2 013</b>	<b>Oppr.budsj</b>	<b>Årsavvik</b>	<b>Halvårsrapport frå einingsleiarar</b>	<b>Budsj korr.</b>
Folkevalde	2 321 298	2 470 000	-148 702		-25000
Sentraladm.m.m.	11 358 149	11 345 100	13 049	Om lag i rute	-113000
PPT-kontor	1 093 064	1 169 200	-76 136		-12000
Oppvekst og kultur	10 870 018	10 294 200	575 818	Meirforbr på 150 `spes.underv. +kursut Private barnehager meirforbruk 300`	180000
Gjerdsvika oppveks	5 532 084	5 700 000	-167 916	Kostnadene under kontroll	-57000
Gursken oppveksts	15 099 643	14 550 100	549 543	Ikkje nokon eintydig konklusj.	
Larsnes oppvekstse	6 680 369	5 970 000	710 369	Ingen konklusj. utover stram økonomi	
Sandsøy oppveksts	6 046 251	6 250 225	-203 974		-63000
Kvamsøy oppveksts	6 082 151	6 453 700	-371 549		-60000
Haugelia	2 232 397	2 172 200	60 197	Alt under kontroll	
PLO-Heimeteneste	30 953 252	26 464 000	4 489 252	Meirforbr. 1830`	1531000
Nattenesta				Meirforbruk på 850`	
PLO-Buteneste	10 783 606	11 928 700	-1 145 094		-119000
PLO-Institusjon	18 313 112	16 500 200	1 812 912		1435000
Helseteneste	10 818 568	10 950 000	-131 432	Meirforbruk på 3-400`	90000
Sosial og barnevern	3 784 050	4 213 100	-429 050		-42000

Landbruk og næring	1 471 756	1 105 000	366 756		89000
Kyrkje og Tru.samf.	2 617 825	2 531 000	86 825		70000
Teknisk	8 191 662	8 300 229	-108 567	?Fordeling lønn som er belasta teknisk	-83000
<b>SUM OMRÅDE</b>	<b>154 249 255</b>	<b>148 366 954</b>	<b>5 882 301</b>		<b>2821000</b>

#### 4.2.2 Vedtak i kommunestyret

*«På dei fleste områder(rammer) syner Økonomirapporten pr 1.halvår at det gjennomgåande er god økonomistyring ut frå planlagt aktivitet, jfr,budsjett for 2013.*

*Økonomirapporten syner at det førebels er meirforbruk spesielt innan pleie og omsorg, grunnskule/barnehage og pendlarruta og at det vil vere vanskar med å dekke inn dette meirforbruket på andre områder i drifta.*

*Einingane må arbeide målretta for å klare å halde seg innanfor dei fastsette rammene. Med bakgrunn i økonomirapporten legg rådmannen fram sak om korrigering av driftsbudsjettet for 2013 som eiga sak.»*

Sak korrigering av driftsbudsjettvart vart handsama i sak 39/13 og gjort vedtak om budsjettendringar på 2,8 mill, dvs auka driftsrammer, og finansiert ved auka skatt/rammetilskot ( kr 571`), inntekt Sandsøy kai (kr 250`) og meirinntekter fond ( 2,2 mill) og avsetning disposisjonsfond (kr 200`)

#### 4.2.3 Revisor sine vurderingar

##### **Avvik mellom prognose og årsresultat:**

Årsrekneskapen samanhalde med det gjeldande budsjettvedtaket på rapporteringstidspunktet viser eit meirforbruk på områda på 5,9 mill jfr tabell 4. Dette er rimeleg godt i samsvar med rådmannen si prognose som viste eit meirforbruk på 5,7 mill. Som ein konsekvens av dette vart det gjort vedtak om budsjettendringar på «berre» 2,8 mill, noko som må indikere at det ligg forventningar til innsparing på resterende ca 3 mill. Avviket mellom prognose ved halvårsrapportering og årsrekneskapen viser bl.a.:

- **Oppvekst og kultur:** Rapporteringa viser prognose over meirforbruk på 450`, same meirforbruk som stipulert ved 1.kvartal. Avviket mellom årsrekneskapen og budsjettet pr 30.06 viser 1,1 mill på dette tidspunkt, men det vart gjort vedtak om auka budsjetttramme med 180`.
- **Heimeteneste/buteneste:** Prognosen viser eit forventa meirforbruk på 2,6 mill, og ved 1.kvartal vart det rapportert avvik på 1,8 mill. Avvik årsrekneskapen og budsjett pr 30.06 viser 3,3 mill. Det vart gjennomført budsjettet korrigering i etterkant med 1,5 mill. På denne bakgrunn var det rimeleg å forvente meirforbruk utifrå rapportert på 1,1 mill. Avviket ved årsslutt viste berre 932`, men dette har si årsak i ei tilleggs budsjettendring på 1 mill . Dette skulle indikere at rapportert meirforbruk på 2,6 mill var 8-900 for lavt.

- **Institusjon:** Einingsleiar rapporterer om prognose med meirforbruk på 2 mill., tilsvarande beløp vart rapportert 1.kvartal. Opphavleg budsjett/budsjett pr 30.06 på 16,5 mill. Årsrekneskapen viser eit meirforbruk sett i forholdt til budsjettvedtak 30.06 på 1,8 mill (jfr kolonne årsavvika tabell 4) . Tilleggsbevilgning i etterkant av økonomirapport på 1,435 mill (sak 39/13). Årsrekneskapen sett i forhold til justert budsjett pr 31.12. jfr tabell 2, viser mindreforbruk på 743`, men det er då foreteke ei ytterlegare budsjettkorrigering på 1.121 mill slik at justert budsjett viser 19,1 mill (disponering av skjønnsmidlar). Rapportert avvik på 2 mill, tilleggsbevilningar på 2,5 mill (1,4+1,1), skulle tilseie mindreforbruk på 0,5 mill, dvs prognoserapportering er bra.
- **Helseområdet:** Einingsleiar har rapportert meirforbruk på 3-400`, men i konklusjonen går det fram 206`. Årsrekneskapen i forhold til vedteke budsjettet på rapporteringstidspunktet viser mindreforbruk på 131`. Det er gitt tilleggbevilgning på 90`, og avviket mellom rekneskap og just.budsjett pr 31.12 viste mindreforbruk på 221`. Kan tyde på mindre god kontroll.
- **Landbruk og næring:** Kan ikkje sjå at det ligg føre noko rapportering, men det er muleg at her kjem pendlarruta inn, der det er rapportert meirforbruk på 400`. Meirforbruket ved årsslutt i forhold til vedteke budsjettet på rapporteringstidspunktet er 366`, og det vart vedteke budsjettjustering på 89`. Meirforbruket ved årsslutt etter justert budsjett var 277`.
- **Sosialteneste og barnevern:** Det ligg ikkje føre kommentar i halvårsrapporten. Årsrekneskapen viser eit mindreforbruk i forhold til vedteke budsjett pr 30.06 på 429`. I etterkant av økonomirapporteringa er budsjettet justert, redusert med 42`. Årsrekneskapen pr 31.12. viser eit mindreforbruk i forhold til justert budsjett på 387`. Kostnadskontroll og rapportering kunne vore mykje betre.
- **Teknisk:** Det er skissert frå einingsleiar at deler av lønskostnad som er belasta teknisk skulle vore overført til sentraladm., utan at dette er talfesta. Det vart vedteke budsjettjustering i sak 39/13 med mindreforbruk på 83`. Årsrekneskapen pr 31.12 viser ei meirforbruk på 224`kr i forhold til justert budsjett.

#### **Avvik mellom rekneskap og budsjett:**

Økonomirapporteringa for 2. kvartal (halvårsrekneskapen) er bygt opp på same måten som 1.kvartal og inneheld ikkje rekneskapsrapportering spesifisert på rammeområda/einingane jfr inndeling i vedteke budsjett. Det er derfor vanskeleg å vurdere forbruket sett i forhold til budsjettet på rapporteringstidspunktet.

Informasjon som ligg føre er framstilt i tabell 4, og det går fram at fleire einingar rapporterer om meir- /mindreforbruk, men og andre som rapporterer om kontroll, eller ingen eintydig konklusjon. Rapporteringa er ein verbal beskrivelse og ved fleire høve manglar det talfesting, noko som gjer økonomirapporteringa og samanstilling vanskeleg.

Intensjonen med økonomirapportering er å avdekke avvik så tidleg som muleg slik at det kan settast i verk tiltak, enten innsparingstiltak eller ved auka tilførsel av midlar.

1.kvartalsrapport konkluderte med meirforbruk, og kommunestyret gjorde vedtak om at einingane måtte arbeide målretta med å halde seg innanfor dei fastsette rammene, og fortløpande vurdere tiltak for å få drifta i balansen. Det vart ikkje vedteke tilleggsbevilgningar på bakgrunn av 1.kvartalsrapportering, men det vart lagt fram sak om budsjettkorrigering på bakgrunn av 2.kvartal – halvårsrapportering då denne konkluderte med ytterlegare auka meirforbruk på einingane.

Det går ikkje fram av økonomirapporteringa informasjon eller forslag om innsparingstiltak. Det går fram av kommunelova § 47 Årsbudsjettets bindende virkning at ved rapportert avvik pliktar kommunestyret å enten løyve midlar eller sette i verk tiltak. Kommunestyret gjorde vedtak om å få lagt fram sak om korrigering av driftsbudsjettet for 2013 som eiga sak (k-sak 39/13) Det må stillast spørsmål ved om budsjettet vert nytta som styringsverktøy, eller berre ei ramme å måle forbruket opp mot.

### 4.3 Økonomirapport 3. kvartal

Informasjonen er henta frå rådmannen si økonomirapportering til kommunestyret i sak 46/13, kommunestyret sitt vedtak samt vår vurdering av rapporteringa, skissert prognose ved årsslutt, sett i lys av årsresultatet og budsjettvedtaket på rapporteringstidspunktet. Det vart vedteke budsjettkorrigeringar i K-sak 39/13 med auka ramme på 2,8 mill, finansiert ved auke skatt/rammetilskot ( 571`), Sandsøy kai (250`), meiravkastning fond (2.200`) og avsetning til disp fond (-200`)

#### 4.3.1 Rådmannen si økonomirapportering

##### Prognose 2013 drift etter 9 første mnd

<i>Meirforbruk Grunnskule felles</i>	- 200
<i>Meirforbruk Larsnes oppvekstsenter</i>	- 240
<i>Meirforbruk heimetenester</i>	-1500
<i>Meirforbruk institusjonsteneste</i>	-1200
<i>Meirforbruk Kvamsøy oppvekstsenter</i>	- 200
<i>Ref/statstilskot funksjonshemma</i>	500
<b><i>Prognose drift einingane 2013</i></b>	<b>-2840</b>
<i>Meirinntekter</i>	
<i>Aksjeutbytte og renteinntekter</i>	285
<i>Berekna skatt/ramme landsgj.</i>	500
<i>Sandshamn kaianlegg årleg innbetaling</i>	0
<b><i>Prognose driftsrekneskap 2013 ekskl avkast.fond</i></b>	<b>- 2055</b>
<b><i>Avkastning fond pr 1.10</i></b>	<b>3229</b>
	<b>1174</b>

Førebels prognose for drifta er eit rapportert meirforbruk på 3,3 mill med eit muleg mindreforbruk på eining for funksjonshemma (statstilskot) på 0,5 mill, netto meirforbruk på 2,8 mill. Vidare går det fram at det ikkje er store endringar frå tidlegare rapportert avvik på utgiftsida, og at det ikkje er teke høgde for einingar med innsparingar. Det vert og presisert at premiavviket som er budsjetterte med inntekt på 1,8 mill er svært usikkert utifrå siste signal frå KS. Rådmannen skriv og at kommunen har eit for høgt driftsnivå i høve til dei løpande driftsinntektene til kommunen. Berre auka skatteinntekter på landsbasis og god avkastning på kommunen sine midlar gjer at kommunen sin økonomiske situasjon ikkje er heilsvart.

### Skatt og rammetilskot:

Det er budsjettert med 150,6 mill. ( 150,1 + justert med 0,5 ). Etter 3.kvartal utgjer desse inntektene 109,8mill, 72,9% av budsjettet ( 75,7 % på same tid i 2012). Tala syner at skatteinngangen ligg 801` bak budsjettet, og kommunen ligg dårlegare ann enn på same tidspunkt i 2012, men då kommunen fekk 6,3 mill meir enn budsjettet. Det er lagt til grunn KS sin sist reviderte modell dt 13.05.13.

### Driftsutgifter og driftsinntekter:

#### 3.kvartal

	Beløp	Just.budsj	rest	2013	2012	2011
Lønn og sosiale	112684336	149728315	37043979	75,3	75,3	73,6
Kjøp av varer/tjen. som inngår	18255246	25247182	6991936	72,3	66,7	73,4
Kjøp av tenester som erstatter	9148883	11841000	2692117	77,3	60,2	105,7
Overføringer til andre	9528099	12771912	3243813	74,6	91,1	72,8
Finansieringsutgifter	28035	2725462	2697427	1,0	2,0	4,2
<b>UTGIFTER</b>	<b>149644599</b>	<b>202313871</b>	<b>52669272</b>	<b>74,0</b>	<b>72,7</b>	<b>73,9</b>
Salgsinntekter	-15538232	-24068930	-8530698	64,6	65,0	64,5
Refusjonar	-12655424	-23529031	-10873607	53,8	54,8	62,8
Overføring frå andre	-1948870	-2394400	-445530	81,4	152,0	109,7
Finansieringsinntekter	-180137	-1383556	-1203419	13,0	135,0	5,9
<b>INNTEKTER</b>	<b>-30322663</b>	<b>-51375917</b>	<b>-21053254</b>	<b>59,0</b>	<b>66,4</b>	<b>64,2</b>
<b>SUM</b>	<b>119321936</b>	<b>150937954</b>	<b>31616018</b>	<b>79,1</b>	<b>74,7</b>	<b>77,2</b>

### Nokre områder som rådmannen meiner fortener kommentarar:

Skule og barnehage	Omlag som budsjett m.u.a Vaksenopplæring Gursken ( - 255`) Auka elevkostnader Larsnes skule ( -200` ) auke frå førre rapportering (-100) Kvamsøy skule, høgge løner enn anteke- + vikarutg pga tillitmannsarbeid. Det går ikkje fram beløp
Helseavdeling	Auka kostnader med nattlegevakt ( -206` )
Heimetenesta	Meirforbruk 1,5 mill pga fleire pasienter med større behov, 1.del, avtok 2.del,

	men auka igjen no
Sandetun sjukeheim	Meirforbruk 1,2 mill viss situasjonen vedvarer pga overbelegg og ressurskrevjande pasienter, men roligere på rapp.tidspunktet
Fond/utbytte Renter og avdrag	Meiravkastning fond 3,5 mill, Renteutg. som budsjettet, rentekostnad just ved førre budsjettkorrigering. Avdrag som budsjettet
Momskomp. invest	1 og 2 kvartal rapportert mindreinntekter pga utsett byggestart, men har retta seg no når byggeprosjekta i 2013 har kome for fullt.

#### **Rapportering pr rammeområde:**

3. kvartal-rapportering inneheld og rapportering på dei respektive rammeområder. Rapporten viser rekneskapstal pr 3.kvartal med tilhøyrande % forbruk av årsbudsjettet. Denne rapporten er ikkje teken med i dette prosjektet då den ikkje viser «periodiserte» rekneskapstal, følgjeleg kan det vere mykje påløpte kostnader, eller inntekter som ikkje er kome med. Det er ikkje føreteke nokon kontroll på omfanget at ing. fakturaer som ikkje er registrerte, eller faktura som gjeld seinare perioder. Heller ikkje om kommunen er ajour med sine utfaktureringar, og evt manglande inntektsføringar.

#### **4.3.2 Vedtak i kommunestyret**

*På dei fleste område(rammer) syner Økonomirapporten pr 3.kvartal at det gjennomgåande er god økonomistyring ut frå planlagt aktivitet, jfr, budsjett for 2013.*

*Økonomirapporten syner at det førebels er meirforbruk spesielt innan pleie og omsorg, og grunnskule og at det er vanskar med å dekke inn dette meirforbruket på andre områder i drifta.*

*Einingane må framleis arbeide målretta for å klare å halde seg innanfor dei fastsette rammene.*

*Kommunestyret syner til siste fordeling av skjønnsramme for 2013 frå Fylkesmannen (d.s.23.10.13) og gjev rådmannen fullmakt til å korrigere driftsbudsjettet for 2013 i samsvar med tilførte skjønnsmidlar til Sande. Korrigeringa skal gjevast i samsvar med konklusjonen i denne saka.*

#### **4.3.3 Revisor si vurdering**

Det går fram av 3. kvartals økonomirapport « at det ikkje er teke høgde for einingar med innsparingar», og det går heller ikkje fram omfanget som ikkje er rapportert. Rapporteringa vil ikkje gi eit korrekt bilde viss enkelte einingar ikkje inngår i rapportering til kommunestyret ved at innsparingar vert halde utanfor. Innsparingar som ikkje vert rapporterte hindrar mulegheita for omdisponeringar av dei tildelte rammene, og gir administrasjonen ein buffer som kan nyttast ved meirforbruk på andre områder – utan at det synast på botnlinja.

Tabell 5 , sjå neste side, nedanfor er utarbeidd for å synleggjere avviket mellom årsrekneskapen og vedteke budsjett på rapporteringstidspunktet (pr 30.09)

(meir/mindreforbruk). Budsjettet på dette tidspunkt vert nytta i vurderinga då det er dette einingsleiarane har å halde seg til av budsjetttramme når det skal stipulerast ei prognose ved årsslutt. Tabellen er inndelt på same rammeområder som budsjettet er vedteke. I tillegg inneheld tabellen utdrag frå økonomirapportane frå einingane, rapportert på ansvarsnivå som er/kan vere meir detaljert enn budsjettvedtaket (rammeområder). Informasjonen frå ansvarsrapporteringa er lagt inn i siste kolonne i tabellen. Dette for å kunne samanhalde informasjonen både når det gjeld rapportering, budsjettkontroll og budsjettstyring.

<b>Tabell 5</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Justert Budsjett Jfr. agresso</b>	<b>Årsavvik Meir/mindre</b>	<b>Rapportert 3. kvartal</b>
Folkevalde	2 321 298	2 445000	-123702	Ingen kommentar
Sentraladm.m.m.	11 358 149	11 232100	126049	Ingen endr. sidan siste rapport (= om lag i rute)
PPT-kontor	1 093 064	1 157200	-64136	Ligg innanfor budsjett, budsjettet er regulert
Oppvekst og kultur	10 870 018	10490800	379218	Grunnskule felles: <b>overforbruk med 200`</b> Barnehage felles: Ligg innanfor budsjett Kultur: ligg innanfor budsjettet Bibliotek: ligg innanfor budsjettet Sande kulturskule: ligg innanfor budsjettet
Gjerdsvika oppvekstsenter	5 532 084	5 64300	-110916	Skulen: God kontroll, ikkje spesielle tiltak SFO: Bra kontroll, ikkje spesielle tiltak Barnehagen: Framleios god kontroll, ikkje tiltak
Gursken oppvekstsenter	15 099 643	14 550 100	549 543	Skule: Ingen konklusjonen mht økonomi SFO: Ingen konklusjon Vaksenopplæring: <b>Ingen konklusjon</b> , men går fram av felles rapportering ( -25`)
Larsnes oppvekstsenter	6 680 369	6391000	289369	Skule: Ligg noko over budsjettet utan å talfeste SFO: er ajour, og under kontroll
Sandsøy oppvekstsenter	6 046 251	6 187225	-140974	Skule: har kontroll +/- 15` SFO: God kontroll, ingen tiltak Barnehage: Mykje meirutg., men konkluderer med kontroll og interne justeringar
Kvamsøy oppvekstsenter	6 082 151	5972700	109451	Skule: Høgre løner, frikjøp tilliterv +200` SFO: ikkje avvik i forhold til budsjett Barnehage: Ikkje avvik i forhold til budsjett
Haugelia barnehage	2 232 397	2 155600	76797	Ligg innanfor budsjett
PLO-Heimeteneste	30 953 252	27995000	2958252	<b>Forventa meirbruk 1,3 mill.</b> etter å ha fått tilført 1,5mill (budsjettkorr 39/13) Sande Frivilligsentral: ligg innanfor budsjettet
Heimesjukepleie				Overforbruk på 925` trass ekstraløyving
Nattenesta				Overforbruk på 365`
PLO-Buteneste	10 783 606	11 809700	-1026094	Forventa meirforbruk på <b>1,322 mill + 0,26 mill</b>
PLO-Institusjon	18 313 112	17935200	377912	Overforbruket er vanskeleg å talfeste! Har får tilført 1,6 mill som har hjulpet på. Sandetun kjøkken : Ser bra ut
Helseteneste	10 818 568	11040000	-221432	Har kontroll, ikkje grunnlag for endring
Sosialteneste og barnevern	3 784 050	4 171100	-378050	<b>Antyder 200`</b> i midreforbruk grunna red stilling
Landbruk og næring	1 471 756	1 194000	277756	<b>Ingen kommentar</b>
Kyrkje og Trudomssamfunn	2 617 825	2 601000	16825	Ingen kommentar
Teknisk	8 191 662	7967229	224433	Ingen konklusjon mht beløp verken +/-

SUM FORDELT OMRÅDE	154 249 255	150937954	3311301
--------------------	-------------	-----------	---------

Årsrekneskapen samanhalde med budsjett registrert i hht agresso på dette tidspunktet viser eit meirforbruk på områda på 3,3 mill. Men det er eit avvik mellom budsjett i Agresso kr 150.937.954,- og budsjettvedtaket i k-sak 39/13 kr 151.187.954 på 250.000, sjå tabell nedanfor. Det er Agressobudsjettal som og er nytta i økonomirapport i høve tabell over driftsutgifter og driftsinntekter.

Rådmannen sin økonomirapport viser ei prognose på meirforbruk på 2,8 mill, mot rekneskap som viser 3,3 mill., dvs eit avvik 0,5 mill, ekskl. manglande budsjettkorrigeringar på kr 250` (budsjett jfr k-sak 39/13). Den samla prognose pr 3.kvartal for driftseiningane må derfor seiast å vere særst god. Men som det går fram av tabellen ovanfor (tabell 5) har fleire einingar avvik > 1-2 % . Dette gjeld og einingar med negativt avvik, dvs besparelser, midlar kunne vore omfordelte.

Når det gjeld prognose for frie inntekter skatt og rammetilskot og finans, viser prognosen meirinntekter på 4 mill, dette ved auka inntekter skatt/ramme på 500`, aksjeutbytte og renter på 285` og meiravkastning fond på 3,2 mill. Årsrekneskapen vurdert mot budsjettet ved 3.kvartal (30.09.13) viser meirinntekter skatt/ramme på ca 1mill ( 151,6 mill – 150,6 mill), meiravkastning fond viser mindreakstning på 3,9 mill og aksjer, renter ol viser meirutgift på 280`

## 5.0 SAMLA VURDERING OG KONKLUSJON

### 5.1 Rapportering i samsvar med regelverk

Det går fram av kommunelov med tilhøyrande budsjettforskrifter § 10 at administrasjonen skal legge fram rapport for kommunestyret minst 2 gongar pr år, i tillegg til årsrekneskapen. Gjennomgangen av dokumentasjonen for rapportering til kommunestyret viser at administrasjonen har rapportert pr 31.03, 30.06 og 30.09 i kontrollåret 2013. I tillegg kjem årsrekneskapen/årsmeldinga pr 31.12.

Det er gjennomført omfang av økonomirapportering som dekker kommunelova sine krav.

Rapporteringa gjennom året er bygd opp etter om lag same mal, men denne avvik delvis frå budsjettvedtaket og årsrekneskapen. Budsjettet og årsrapporteringa er på eit meir detaljert nivå og i samsvar med budsjett og rekneskapsforskriftene. Dette gjer direkte samanlikning mellom rapportering og budsjettvedtak vanskeleg.

### 5.2 Kvaliteten på den økonomiske rapporteringa

Årsrekneskapen viser at kommunen har brukt på rammeområda (einingane) 154,2 mill. Regulert budsjett viser 153,7 mill, dvs 0,5 mill meir enn budsjettet . Vurdert for kommunen samla utgjer dette eit avvik på 0,3 %, og er svært bra. 3. kvartals-økonomirapport viser eit forventta overskot på



1,2 mill, men det er då ikkje talfesta stor usikkerheit i høve budsjettet «inntekt» premieavvik, og dette budsjettavviket vart på 1,3 mill.

3.kvartals rapportering inneheld og forventa meiravkastning på fondsplasserte midlar med 3,2 mill, noko som antas å skulle vere 1 mill, dvs 2,2 mill for mykje rapportert, viss budsjettkorrigerings sept. hadde vore teke omsyn til i rapportering . Tek ein omsyn til dette skulle rapporteringa på dette tidspunkt vist eit forventa underskot på 1 mill, og som er nært opp til årsresultatet.

Årsrekneskapen viser avkastning på fond med netto inntekt på 0,9 mill mot budsjettet utgift på 3 mill, dvs eit avvik mellom rekneskap og budsjett på 3,9 mill. Det opprinnelege budsjettet viste fondsinntekt på 1,2 mill, men vart redusert til 0,5 mill i endeleg godkjent budsjett (K-sak 14/13) . Økonomirapport 1 .kvartalsrapport viste meiravkastning fond på 1,4 mill, halvårsrapporten viste meiravkastning på 2,2 mill og med påfølgjande budsjettkorrigerings til totalt 2,7 mill (K-sak 39/13) Den rapporterte årsrekneskapen viser korrigert budsjettet meirforbruk på 3 mill, dvs redusert frå meirinntekt på 2,7 mill , ei endring på 5,7 mill. Dette har samanheng med manglande budsjettendring i høve disponering av overskot 2012 ikkje var blitt registrert, og avsetning til fond har blitt blanda saman med avkastning på fond (kapitalinvestering) ved rapporteringa/registreringa. Følgjeleg rapporterer ikkje kommunen på same nivå som budsjettvedtak mht avkastning av plasserte midlar, då det i budsjettvedtaket er skilt mellom eksterne og interne finansieringstransaksjonar(bruk/avsetn). Praksis er/vil bli endra iflg samtale med rådmann.

#### **1. kvartalsrapport:**

Viser forventa meirforbruk på områda på 4,8 mill, samt meirinntekter frå fond på 1,4 mill, dvs netto driftsunderskot på 3,4 mill. Årsrekneskapen viser eit meirforbruk på 0,5 mill, men dette er etter at det er føreteke budsjettendringar på totalt 5,4 mill. Svipt i prognose på 2,5 mill, men herav «svikt» i premieavvik på 1,3 mill.

#### **2. kvartalsrapport – halvårsrapportering**

Forventa meirforbruk på områda på 5,6 mill, samt meirinntekter på 3,2 mill, dvs prognose ved årsslutt på 2,4 mill. Det var på dette rapporteringstidspunktet ikkje føreteke budsjettkorrigerings, men budsjettet vart justert i etterkant med totalt 5,4 mill . Årsrekneskapen viser meirforbruk på 0,5 mill etter budsjettjustering, og følgjeleg er svikten i prognosen på 3,5 mill , men herav «svikt» i premieavvik på 1,3 mill.

#### **3. kvartalsrapport:**

Forventa meirforbruk på områda på 2,8 mill, samt meirinntekter på 4 mill, dvs prognose ved årslutt eit mindreforbruk (overskot) på 1,2 mill. Denne avviksrapportering bygg på auka budsjetttramme på 2,8 mill (jfr sak 39/13 etter halvårsrapportering). I tillegg er det gjort vedtak om auka budsjetttramme ved slutten av året slik at samla auka budsjetttramme er 5,4 mill. Årsrekneskapen viser meirforbruk på 0,5 mill. Svikten på prognosen pr 3. kvartal var på 4,3 mill.

### **5.3 Budsjettstyring og budsjettkontroll**

Årsrekneskapen viser fleire einingar med avvik > 1-2 % , trass utvida rammer ved vedtekne budsjettendringar. Dette gjeld både positive og negative avvik.

Økonomirapportane viser einingar med betydeleg meirforbruk, og det er rapportert gjennom heile året om meirforbruk. Andre har meirforbruk, men rapporterer lite eller ingen ting. Den tredje varianten er einingar med mindreforbruk, men som enten rapporterer om meirforbruk eller ikkje rapporterer i det heile. Sistnemnde problemstillingar gjer det vanskeleg med interne omfordelingar ved overordna kontroll og styring.

Innsparingar som ikkje vert rapporterte hindrar mulegheita for omdisponeringar av dei tildelte rammene, og gir administrasjonen ein buffer som kan nyttast ved meirforbruk på andre områder – utan at det synast på botnlinja.

Det går fram av vedtaka i kommunestyret i høve behandling av økonomirapportane at *«Einingane må arbeide målretta for å klare å halde seg innanfor dei fastsette rammene.»*

Det går ikkje fram av økonomirapporteringa informasjon eller forslag om innsparingstiltak. Viser i denne forbindelse til kommunelova § 47 Årsbudsjettets bindende virkning at ved rapportert avvik pliktar kommunestyret å enten løyve midlar eller sette i verk tiltak på bakgrunn av forslag frå administrasjonen. Kommunestyret gjorde vedtak om å få lagt fram sak om korrigering av driftsbudsjettet for 2013 som eiga sak (k-sak 39/13)

## 6.0 ANBEFALINGAR

- 1 Økonomirapportane bør byggast opp etter same mal som budsjettvedtaket og årsrekneskapen jfr budsjettforskriftene, og forskrift om årsrekneskap
- 2 Meir-/mindreforbruk som går fram av einingsleiarane sine verbale beskrivingar bør rapporterast og talfestast på same detaljeringsgrad/nivå som budsjettvedtaket.
- 3 Vurdere om rutine ved rekneskapsrapportering mht anordning/»periodisering» av rekneskap og budsjett er gode nok for å gi tilfredstillande rekneskapsinformasjon.

## 7.0 RÅDMANNEN SIN UTTALE

Larsnes 21.11.2014

### FORVALTNINGSPROSJEKT – ØKONOMISK RAPPORTERING

Rådmannen har gått gjennom rapporten og eg har for det alt vesentlege ikkje noko å merke til framstillinga av situasjonen i Sande kommune. Rapporten er god og syner dei dilemma og utfordringane ein har i samband med økonomirapporteringa og budsjettoppfølginga. Eg merka meg at revisjonen skriv at «*Vurdert for kommunen samla sett utgjør dette eit avvik på 0,3%, og er svært bra.*» Det er likevel nokre moment og punkt eg ynskjer kommentere og belyse.

Eg har valt å konsentrere meg om konklusjonane i problemstillingane og anbefalingane;

1. Eg ser ikkje heilt at det ikkje er same detaljeringsgrad i rapporteringane som i «budsjettvedtaket». Kommunestyret har vedteke budsjettet på nettorammer (jfr. Pkt 1.3). Meir detaljeringsgrad i Budsjettet er vedlegg som syner korleis utgifter/inntekter og netto er fordelt på dei ulike ansvara.

Eg er samd i at samanhangen og samanlikninga med budsjettvedtaket er uoversiktleg og det grunnar seg i fylgjande forhold;

- Oppsettet til dei forskriftsvise hovedoversiktene kan ikkje eintydig samanliknast med kommunen sine hovedoversikter (jfr. Budsjettskjema 1A) då m.a
  - delar av Avsetningar/Bruk av avsetningar (t.d. bundne avsetningar/bruk av avsetningar) vert gjort innanfor rammene og påverkar størrelse på rammer medan dei i forskriftsoversikta vert heldne utanfor før fordeling.
  - I tillegg ligg der Driftsutgifter/inntekter t.d. premieavviket på Rammeområde 8 Finans som er halde utanfor driftsrammene (10-60) av di dette er store tal som påverkar totalresultatet, men som det vil vere utfordrande å gjere forståeleg når ein skal vurdere om einingane har halde seg innanfor eller utanfor tildelte driftsrammer.
  - Det kan også vere vedtekne driftstiltak (t.d. %-messige nedskjeringar på rammene) som ikkje vert fordelt ut på rammene før ein veit at vedtaket er gjort og som då vil påverke dei ulike rammene. I vedtaket står det kva dei ulike driftsrammene er, men når driftstiltaka vert fordelt på rammene kan det endre nettorammane.
  - Økonomisystemet er også slik laga at dersom ein omdefinierer ansvar til andre sine rammer (politisk eller administrativt) vil også historikken fylgje den nye fordelinga og vil då ikkje vere i samsvar med vedtaket året før.) T.d. Haugelia barnehage og frivillighetssentralen)

Rådmannen er klar over dette og prøver å finne måtar å gjere samanlikninga betre på.

2. Når det i anbefaling nr. 2 går fram at det bør rapporterast og talfestast på same detaljeringsgrad/nivå som budsjettvedtaket, så er eg av den oppfatning at det vert det gjort (jfr. Pkt.1) Eg er likevel samd i at skal rapporteringa vere tilfredsstillande, bør einingsleiarane sine verbale beskrivingar rapporterast og talfestast i større grad enn det som er blitt gjort. Dei enkelte rammene bør også betre fylgjast opp med budsjettkorrigeringar i løpet av året.

Når det gjeld nytt budsjettreglement (Sande kommune – internreglement), var det planen at det skulle bli lagt fram i løpet av hausten. På grunn av kapasitet har det ikkje vore mulig å få til. Eg har gjort eit arbeid med det og skrevet ein god del og vonar at det kan verte ferdigstillt før sommaren. I så måte vil resultatet av denne rapporten kunne gje gode innspel i den saka.

3. Rådmannen ser klart at der kan ligge feilkilder i rapportering m.o.t. anordning /periodisering av rekneskap og budsjett, men rapporten syner likevel at kontrollen på kva som er brukt totalt på rammeområda (einingane) er rimeleg bra.

Med den kapasiteten vi har på økonomisida, både på einingane og i sentraladministrasjonen vil det vere nærast uråd på ein tilfredsstillande måte å prioritere halde ved like og oppdatere periodisert budsjett og rekneskap. Det føreset også at rutinene for anordning på rekneskapssida i løpet av året er gode nok. Eg meiner at før ein evt. startar periodisering av budsjettet bør rutinene for inn- og utbetalingar prioriterast.

Med helsing

Asbjørn Moltudal



### VEDLEGG 3: Eksempler på oppsett av regnskapsskjema 1A og 1B

Nedenfor er vist eksempler på to ulike måter å sette opp regnskapsskjema 1B. Eksempelene tar utgangspunkt i det samme regnskapet og for fullstendighetens skyld er derfor også regnskapsskjema 1A tatt med. «Tjenesteuavhengige» poster som ikke kan henføres til skjema 1A, f.eks. konsesjonskraftinntekter og motpost avskrivninger, er inkludert i «Felles inntekter og utgifter» i regnskapsskjema 1B.

Regnskapsskjema 1A - Drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Regnskap i fjor
Skatt på inntekt og formue	124 812	132 616	129 000	125 368
Ordinært rammetilskudd	125 346	120 745	126 515	119 318
Skatt på eiendom	73 298	77 000	83 000	72 276
Andre direkte eller indirekte skatter	25 482	24 300	24 000	25 454
Andre generelle statstilskudd	2 412	2 100	2 230	5 853
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>351 350</b>	<b>356 761</b>	<b>364 745</b>	<b>348 269</b>
Renteinntekter og utbytte	10 902	11 616	11 611	17 444
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	13 444	16 173	16 575	19 516
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	19 145	18 500	15 200	16 514
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>-21 687</b>	<b>-23 057</b>	<b>-20 164</b>	<b>-18 586</b>
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	11 745	0
Til ubundne avsetninger	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	8 177	6 900	6 600	7 461
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	2 300	2 300	2 300	5 276
<b>Netto avsetninger</b>	<b>5 877</b>	<b>4 600</b>	<b>16 045</b>	<b>2 185</b>
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	4 309
<b>Til fordeling drift</b>	<b>323 786</b>	<b>329 104</b>	<b>328 536</b>	<b>328 189</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>319 809</b>	<b>329 104</b>	<b>328 536</b>	<b>327 510</b>
<b>Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk</b>	<b>3 977</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 371</b>

Eksempel a) nedenfor er eksempel på oppsett av regnskapsskjema 1B der kommunen praktiserer budsjettering på nettorammer. Eksempel b) viser oppsett av regnskapsskjema 1A ved bruttobudsjettering. I praksis kan det være flere ulike måter å sette opp B-skjemaet på, avhengig av hvordan budsjettet settes opp.

**NOTAT – Regnskapsskjemaene – formål og innhold**

**Eksempel a) Regnskapsskjema 1B ved budsjettering på nettorammer**

<b>Regnskapsskjema 1B - Drift</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Reg. budsjett</b>	<b>Oppr. budsjett</b>	<b>Regnskap i fjor</b>
Folkevalgte	3 618	3 889	4 082	5 118
Administrasjon	34 817	32 054	32 579	36 495
Oppvekst	91 968	91 159	90 857	94 810
Helse og omsorg	173 662	180 675	175 787	178 945
Kultur	5 853	6 412	6 802	6 540
Teknisk	30 649	29 307	30 229	30 933
Felles inntekter og utgifter	-20 758	-14 392	-11 800	-15 331
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>319 809</b>	<b>329 104</b>	<b>328 536</b>	<b>337 510</b>

**Eksempel b) Regnskapsskjema 1B ved budsjettering på bruttorammer**

<b>Regnskapsskjema 1B - Drift</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Reg. budsjett</b>	<b>Oppr. budsjett</b>	<b>Regnskap i fjor</b>
<b>Folkevalgte</b>				
Utgift	9 924	9 136	9 329	10 738
Inntekt	6 306	5 247	5 247	5 620
<b>Netto utgift</b>	<b>3 618</b>	<b>3 889</b>	<b>4 082</b>	<b>5 118</b>
<b>Administrasjon</b>				
Utgift	43 062	36 998	36 841	44 293
Inntekt	8 245	4 944	4 262	7 798
<b>Netto utgift</b>	<b>34 817</b>	<b>32 054</b>	<b>32 579</b>	<b>36 495</b>
<b>Oppvekst</b>				
Utgift	115 357	105 738	104 235	115 283
Inntekt	23 389	14 579	13 378	20 473
<b>Netto utgift</b>	<b>91 968</b>	<b>91 159</b>	<b>90 857</b>	<b>94 810</b>
<b>Helse og omsorg</b>				
Utgift	238 585	232 748	218 308	232 812
Inntekt	64 923	52 073	42 521	53 867
<b>Netto utgift</b>	<b>173 662</b>	<b>180 675</b>	<b>175 787</b>	<b>178 945</b>
<b>Kultur</b>				
Utgift	8 387	8 287	8 677	9 550
Inntekt	2 534	1 875	1 875	3 010
<b>Netto utgift</b>	<b>5 853</b>	<b>6 412</b>	<b>6 802</b>	<b>6 540</b>
<b>Teknisk</b>				
Utgift	75 917	73 096	73 918	76 646
Inntekt	45 268	43 789	43 689	45 713
<b>Netto utgift</b>	<b>30 649</b>	<b>29 307</b>	<b>30 229</b>	<b>30 933</b>
<b>Felles inntekter og utgifter</b>	<b>-20 758</b>	<b>-14 392</b>	<b>-11 800</b>	<b>-15 331</b>
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>319 809</b>	<b>329 104</b>	<b>328 536</b>	<b>337 510</b>





# SANDE KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

## UTSKRIFT

frå

## M Ø T E B O K

---

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Sande kommune	08/14	SA 01-14 SAK 08-14	06.03.14

---

### SAK 08/14 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Saksopplysningar:

Kommunestyret har i plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2014 sett opp desse prosjekta:

1. Drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen
2. Bruk av ressursane innan Musikk- og kulturskulen
3. Tilpassa opplæring – pp-teneste i skuleverket og barnehagar
4. Evaluering av samhandlingsreforma
5. Økonomisk rapportering
6. Evaluering av 2 nivå modellen, men då etter at den politiske ny-organiseringa har fått virke ei tid

Kontrollutvalet kom til at prosjektet Forvaltning drift og vedlikehald av bygg var viktig å få gjennomført. Prosjektet er no ferdig og vart behandla i kontrollutvalet og kommunestyret i september 2013.

Revisor har orientert om ressursbruk innan musikk- og kulturskulen på tidlegare møte, så dette prosjektet ser eg som uaktuelt å gå vidare i.

Spørsmålet er no kva prosjekt ein skal starte opp med, prosjekt 3, 4, 5 eller 6.

Prosjekt 3 Tilpassa opplæring –pp –teneste i skuleverket og barnehagar er eit ressurskrevjande prosjekt – som i stor grad også kjem under fylkesmannen sitt tilsynsansvar. Prosjektet bør utsetjast i tid.

Prosjekt 4 Evaluering av samhandlingsreforma. Det er alt for tidleg å sjå på eit slikt prosjekt no. Samhandlingsreforma bør virke enno ei tid. Det er mange kommunar som ynskjer dette prosjektet, både her på Søre Sunnmøre og elles i landet. Ei viss samordning, i alle høve her på Søre Sunnmøre bør gjerast.

Prosjekt 5 Økonomisk rapportering er aktuelt. Ein vil her få stadfesta eller avkrefta om økonomistyringa eller deler av den er tilfredsstillande.

Prosjekt 6 Evaluering av 2 nivå modellen. Dette er eit prosjekt som i si tid vart teke opp etter benkeforslag i kommunestyret. Før ein startar opp med ei slikt prosjekt er det viktig å få fram kva politikarane eigentleg ynskjer skal belyst, noko som vil ta tid. Er det i prosjektet meint

å få fram om modellen er god eller ikkje eller eignar seg for kommunen, vil dette heller vere ein konsulentrapport/oppdrag og ikkje ein forvaltningsrevisjon. Det som kan vere noko enklare å finne ut av er om styringa i to nivå modellen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

I det som vert vist til ovanfor synest det no mest hensiktsmessig å starte opp med prosjektet økonomistyring, budsjettoppfølging og rapportering, som då må omfatte alle deler av kommunen.

Problemstillingane kan bl.a. vere å sjå til om administrasjonen rapporterer til kommunestyret i samsvar med gjeldande reglar (lov, forskrift og vedtak), om kvaliteten på det som vert rapportert er tilfredsstillande og om kommunen sine sektorar/resultateiningar har tilfredsstillande styringsverktøy og budsjettoppfølging.

**Samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på økonomistyring, budsjettoppfølging og rapportering.
2. Kontrollutvalet tek endeleg standpunkt til prosjektet når prosjektplanen ligg føre.

**Rett utskrift**

Åram, 10. mars 2014

Ida Birgitte Marholm  
Sekretær

**Utskrift til: Revisjonen**

Prioritet	Hareid	Herøy	Sande	Utleist	Vanylven	Volda	Ørsta
1	Økonomistyring og budsjett: Budsjettet som styringsverktøy.  Vedtak om oppstart i sak 05/13 Prosjektplan godkjent i sak 28/13	Forvaltning, drift og vedlikehold av fast eiendom  Vedtak om oppstart i sak 06/13	Drift og vedlikehold av den kommunale bygningssaksen  Vedtak om oppstart i sak 06/13 Prosjektplan godkjent i sak 23/13 Behandla i KU 05.09.13 i sak 38/13	Pleie og omsorg, evt. Helse og sosialsektorene Bruk av omsorgsplan + sakbehandling innanfor pleie og omsorg - enkeltvedtak	Pleie- og omsorg, re-/habilitering - institusjonsplasser Vert utsett til etter at kommuneretraksjonen for	Økonomistyring, budsjettoppfølging  Vedtak om oppstart i sak 06/13. Behandla i KU 04.12.13 i	Pleie og omsorg - stillingsprosentar  Vedtak om oppstart i sak 06/13 Vedtak om nytt prosjekt i sak 27/13
	FERDIG KU SAK 10/14	FERDIG KU SAK 06/14	FERDIG KU SAK 38/13	FERDIG KU SAK 06/13	FERDIG KU SAK 06/13	FERDIG KON 37/13	
	FERDIG KU SAK PS 22/14	FERDIG KOM SAK 18/14	FERDIG KOM SAK PS 35/13	FERDIG KOM SAK PS 26/13	Planlegging første møte Vaktemeistertjenesta?	FERDIG KOM PS 17/2/13	VENTAR PÅ PROSJEKTET
Ekstra			Bruk av ressursar innan musikk- og kulturskulen  Vedtak om mulighet for utføring i sak 06/13 Opplysningar kom fram i sak 30/13 Haldis orienterte om sine funn på området i kontrollrunalet 5.9.13???	Oppfølging av omsorgsplan Vedtak i KOM SAK PS 26/13 Utleie basen 2014			
			Ikke aktuelt å utføre prosjektet.				
2	Nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt Barnevernstjenesta  Vedtak om oppstart sak 39/13	Grunnskule - tilpassa opplæring og spesialundervisning  2014 Økonomistyring, budsjettoppfølging og rapportering Prosjektplan bestilt 10.05.14	AVSLUTTA UTAN UTFØRING Økonomisk rapportering Vedtak om oppstart i sak 08/14 Økonomistyring, budsjettoppfølging og rapportering Prosjektplan bestilt 10.05.14	Sak KU planlegging første møte Teknisk sektor - VA (vann og avløp) - tildeling av tomter inkl. tilhøve til tilstøtende områder - planlegging inkl. landbruksareal og bruken av det - byggesaksbehandling Vedtak om oppstart i sak 12/13	Planlegging første møte Barnevern	Grunnskule - spesialundervisning * omprioritert frå IKT 2015	Stillingstjenstar - Kva vert gjort før tilsetjing - Økonomisk inndekning for stillingane Vedtak om oppstart i sak 27/13 Kontrollrunalet gjer om innlyse vedtaket i sak 38/13
3	Oppstarta 6.jan 2013 Pleie og omsorgsrådet: - stillingsprosentar	Første møte i KU - førebuing Økonomistyring, leining og styring - rekneskap, budsjett, oppfølging og rapportering	KLAR TIL GJENNOMFØRING Tilpassa opplæring - pp-tjenesta i skuleverket og barnehagar	SKAL ANVENTE TIL SEMINARE Skule og barnehage - bekymringsmeldingar frå skuleverket/barnehagesektoren i høve til barnevernet - spesialundervisning/PPT - skulefridsordninga 2015	Vatn, avløp og renovasjon	Innkjøp Vedtak om prosjektplan	BØR UTSETTAST, JF SAMT. BODIL Økonomirapportering  Alle Vert at dette har vore grenseløst og øksief forbetr. Slike no være på piken med på piken forbedring